

# **KOMMUNDELPLAN FOR KULTURVERN FUSA KOMMUNE**

Vedteken av Fusa kommunestyre 10.12.98

## **FORORD**

Det ligg no føre eit framlegg til Plan for kulturvern i Fusa. Plandokumentet har vorte til i eit samarbeid med Os kommune og byggjer delvis på Os kommune sin plan frå 1990.

Planarbeidet i Fusa har skjedd samstundes med at Hordaland fylkeskommune har arbeidd med Fylkesdelplan for kulturminne. Me har difor kunna halda ein dialog med fylkesplanarbeidet og drege vekslar på det gode og grundige «handverket» som vert gjort med denne.

I Fusa har planarbeidet vore organisert som prosjekt med underteikna som planskrivar og prosjektleiar. Ei arbeidsgruppe har følgd og kome med innspel i skriveprosessen. Med her har vore jordbrukssjef Nils Fykse, avd. ingeniør Kjetil Koldal, miljøvernleiar Tor Johs. Hjertnes og kulturkonsulent Terje Raunsgard. Utval for oppvekst og kultur har vore politiske styringsgruppe for planarbeidet.

Planprosessen har følgd føresegnene i Plan- og bygningslova.

Eikelandsosen 26. oktober 1998

Erik Vangsnes  
prosjektleiar

# KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURVERN

Forord  
Innleiing

DEL 1 MÅL OG VERKEMIDDEL.....	s. 6
1.1 Målsetjing	
1.2 Formelle føresetnader og verkemiddel i vernearbeidet	
1.3 Status for restaurerings- og kulturvernarbeid	
1.4 Kommunen sine oppgåver og ansvar	
1.5 Kva er verneverdig ? Kriteria for vern	
1.6 Kommunale retningsliner	
1.7 Konklusjonar	
DEL 2 VERNE- OG TILTAKSPLAN.....	s. 19
2.1 Faste kulturminne	
2.1.1 Kulturlandskap	
2.1.2 Kulturminnemiljø	
• Fornminnemiljø	
• Kulturminnemiljø frå nyare tid	
2.1.3 Einskildobjekt	
• Faste fornminne	
• Bygningar	
• Tekniske kulturminne	
• Andre kulturminne	
2.2 Lause kulturminne	
2.2.1 Fornminne	
2.2.2 Kulturminne frå nyare tid	
2.3 Maritime kulturminne	
2.4 Handverk og husflid	
2.4.1 Lokale bunader	
2.4.2 Veving	
2.4.3 Trearbeid	
2.4.4 Bygningsfaga	
2.5 Immateriell kultur	
2.5.1 Dialekt	
2.5.2 Folkemusikk	
2.5.3 Segner/eventyr	
2.5.4 Munnleg tradisjon	

## 2.6 Museum

- 2.6.1 Bygdetun
- 2.6.2 Hordamuseet
- 2.6.3 Holdhus skulemuseum
- 2.6.4 Private samlingar
- 2.6.5 Andre museumstiltak

## 2.7 Konklusjonar

### DEL 3 HANDLINGSPROGRAM 1998-2001.....s. 46

- Strategiar
- Tiltak

### LITTERATURLISTE

#### VEDLEGG:

1. Kjelder til kunnskap om kulturminne
2. Tilskotsordningar til kulturvern
3. Tilskot til kulturvern frå Fusa kommune
4. Tilskot frå landbruksdepartementet
5. Organisatoriske verkemiddel i kulturvernarbeidet

## INNLEIING

Våre fysiske omgjevnader vert utsett for eit sterkt og aukande press. Uerstattelege verdiar forsvinn litt etter litt. I Noreg har det dei siste 100 åra skjedd ei dramatisk forringing og øyding av kulturminne. Gravhaugar vert fjerna. Helleristingar forvitrar. Kulturarven er truga.

Kulturminnevernet er i stor grad styrt av aktiviteten innanfor andre sektorar og av ulike utbyggingstiltak, men i liten grad av eigne prioriteringar. Ofte kjem kulturargumenta inn for seint. All erfaring tilseier at når det først er kome så langt som til søknad om riving, er det vanskeleg å berga eit kulturminne om det er aldri så verneverdig.

Skal ein koma på offensiven i kulturvernet, må det satsast målmedvite på oppsøkjande planlegging og tiltak der ein tek for seg kulturminna som ein ressurs for samfunnet som skal takast vel hand om og utviklast vidare. Det er å håpa at dette plandokumentet kan ha ein slik førebyggjande effekt.

Kulturvernet er sektorovergripande og det vert difor avgjerande å ha ei heilskapleg planlegging som sikrar at kulturarven vert teken omsyn til i samfunnsutviklinga og i kvardagen til folk i Fusa. Kulturvernplanen er ein kommunedelplan og bør rullerast kvart 4. år. Handlingsprogrammet med konkrete tiltak bør takast opp til politisk handsaming kvart år. For å få til ei god kopling til kommuneplanen kan dei to planane rullerast samstundes. Det vil også gje ein god planprosess.

Kulturvernplanen for Fusa er delt inn i tre bolkar:

Del 1: Mål og verkemiddel

Del 2: Verne- og tiltaksplan

Del 3: Handlingsprogram

Den første delen er meir generell, tek for seg målsetjingar og strategiar, og gjev ein status på organiseringa og verkemidla innanfor dette fagfeltet. Del to er ein gjennomgang av dei ulike satsingsområda med framlegg til prioriteringar og tiltak. Del tre er eit handlingsprogram med konkrete tiltak i planperioden 1998-2001.

Planen har også mange vedlegg. Den delen vert viktig for å gjera dokumentet til ein «bruksplan». Her er m.a. lister over kva tiltak som tidlegare har fått tilskot, oversyn over ulike registreringar, opplysningar om tilskotsordningar, og ei grundig litteraturliste. Meinnga er at planen slik skal kunna brukast som ei *handbok* for både administrasjon, politikarar, skuleverket og innbyggjarane i kommunen.

DEL 1  
MÅL OG VIRKEMIDDEL

## 1.1 MÅLSETJINGAR FOR KULTURVERNET I FUSA

### DEFINISJONAR OG ORDFORKLARINGAR

Kommunedelplanen for kulturvern er ein plan som tek for seg dei materielle og immaterielle kulturminna i kommunen. Med materielle kulturminne meiner me her alle materielle spor etter menneskeleg verksemd, faste og lause. Lause kulturminne er gjenstandar. Faste kulturminne er bygningar og anlegg. Immaterielle kulturminne er t.d. folkemusikk, segner, dialekt eller dans.

*Fornminne.* Kulturminne frå før år 1537.

*Kulturminne frå nyare tid.* Kulturminne frå tida etter reformasjonen i 1537 fram til i dag.

*Automatisk freda.* Gjeld kulturminne frå før år 1537 og kulturminne i sjø eldre enn 100 år. Desse er freda direkte etter kulturminnelova utan fredingsvedtak.

*Freda.* Vert brukt om kulturminne som er freda i medhald av kulturminnelova. Kulturminne som er omfatta av ein verneplan er t.d. ikkje freda, men verna gjennom regulering til spesialområde med formål vern.

*Verna.* Vern gjennom reguleringsplan etter § 25.6 i plan- og bygningslova, spesialområde vern.

*Verneverdig.* Kulturminne som er verneverdige, er verdige ei eller anna form for vernetiltak.

### MÅLSETJINGAR

I følgje kommuneplanen for Fusa (1995) er utarbeiding av plan for materielle og immaterielle kulturminne ei prioritert oppgåve. Fylkesdelplanen for kulturminne har teke utgangspunkt i kulturminnelova for å få ei overordna målsetjing. Dette gjev ei forankring i nasjonale mål som både det kommunale og fylkeskommunale nivået skal følgja. Ordlyden i formålsparagrafen i kulturminnelova av 3. juli 1992, nr 96 § 1 kan då også tene som overordna målsetjing for kulturvernet i Fusa:

*«Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og framtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.»*

Denne overordna målsetjinga er avgrensa til kulturminne og kulturmiljø. Sidan kulturvernplanen for Fusa også omfattar tradisjonar og handverk er det naudsynt å klargjera dette i delmåla. Det er formulert tre målsetjingar med utgangspunkt i tre satsingsområde: kulturminnevern, tradisjonskunnskap og kulturformidling. I satsingsområde tre, kulturformidling, ligg det også ei erkjenning av at det på kommunalt nivå ligg ei stor oppgåve i å gjera kulturminne og lokale tradisjonar til ein integrert del av kvardagen: vern gjennom bruk.

Hovudmålsetjingar for kulturvernet i Fusa:

Mål 1 - Verneverdige kulturminne skal vernast om og haldast i hevd

Mål 2 - Lokale husflids-/handverkstradisjonar, særmerkte tradisjonar og tradisjonskunnskap skal førast vidare.

Mål 3 - Der dette er mogeleg skal kulturminna og tradisjonskunnskapen formidlast og gjerast tilgjengeleg for publikum.

### DELMÅL OG STRATEGIAR

For å nå desse måla er det sett opp eit sett av delmål og strategiar for dei tre bolkane i planen. Delmåla er formulert som målsetjingar for dei ulike delane i planen. Strategiane er ein bindelekk mellom hovudmålsetjingane og tiltaka, og syner korleis me skal nå måla våre.

#### **Del 1 Mål og verkemiddel**

Delmål 1 å formulera mål, delmål og strategiar for kommunen sitt kulturvernarbeid

Delmål 2 å avklara rutiner, oppgåver og ansvar som kan styrka og kvalitetssikra den kommunale innsatsen innan kulturvern.

#### **Del 2 Verne- og tiltaksplan**

Delmål 1 å peika på kva kulturminne og kulturtradisjonar som er særmerkte for Fusa og særleg verneverdige.

Delmål 2 å peika på korleis desse kulturminna og tradisjonane best kan vernast om og førast vidare.

#### **Del 3 Handlingsprogram 1998-2001**

*Fusa kommune skal nå dei oppsette måla gjennom:*

Strategi 1 å styrka og kvalitetssikra kommunalt kulturvernarbeid

Strategi 2 å gjennomføra praktiske og formelle vernetiltak

Strategi 3 å ha ein aktiv og kreativ kulturformidling i kulturvernarbeidet



## **1.2 FORMELLE FØRESETNADER OG VERKEMIDDEL I KULTURVERNARBEIDET**

### **1.2.1 Lovgrunnlag**

Dei viktigaste lovene for kulturvernet er:

- Lov av 9. juni 1978 nr 50 om kulturminner
- Plan- og bygningslova av 14. juni 1985 nr 77
- Naturvernlova 19. juni 1970 nr 63

I tillegg til desse lovene omhandlar ei rekkje lover vern av kulturminne som eitt av mange aspekt. Dei mest aktuelle er:

- Lov av 7. juni 1996 nr 31 om Den norske kyrkja
- Lov av 7. juni 1996 nr 32 om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd
- Lov om presteboliger og prestegårder av 9. desember 1955 nr 11
- Vassdragsreguleringslova av 14. desember 1917
- Lov om vassdragene av 15. mars 1940 nr 3
- Veglova av 21. juni 1963 nr 23
- Jordlova av 12. mai 1989 nr 23
- Oreigningslova av 23. oktober 1959

### PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Plan- og bygningslova er den viktigaste reiskapen til å driva arealplanlegging og dermed eit sentralt styringsverktøy for bruk og vern av kulturminne og landskap. Lova regulerer m.a. arbeidet med kommuneplanar. Arealdelen til kommuneplanen er juridisk bindande og skal t.d. syna kva område som er eller skal regulerast til verneføremål.

§ 25-6 i plan- og bygningslova gjev kommunane høve til å regulera areal til spesialområde når dei har bygningar og anlegg «som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell verdi skal bevares». Bygningane i eit verneområde er omfatta av generelt riveforbod. Det skal dessutan arbeidast ut nærare føresegner for korleis vedlikehaldet i området skal utførast.

Gjennom plan- og bygningslova kan kommunen ta ansvar og spela ei aktiv rolle i kulturminnevernet.

### KULTURMINNELOVA

Kulturminnelova er ei særlov som har til føremål å ta vare på kulturhistorisk eller arkitektonisk verdifulle kulturminne og kulturlandskap.

Lova tek for seg dei *automatisk freda* kulturminna, d.v.s. kulturminne frå før år 1537 og kulturminne i sjø eldre enn 100 år. Lova omhandlar m.a. forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne og plikta til å undersøkje om tiltak vil medføra slikt inngrep.

Freding av kulturminne frå nyare tid kan gjerast av departementet ved vedtak. Fredinga kan gjelda bygning eller anlegg, men også området rundt (§19). I Fusa er Fusa gamle prestegard

eit døme på ei slik miljøfreding der heile eigedomen med hageanlegg og uthus er freda med heimel i kulturminnelova.

Det er ikkje noko nasjonalt mål å freda ved vedtak mest mogeleg av kulturminna våre utover ei grunnstamme som dokumentasjon på landet si utvikling og historie. Om det vil koma fleire fredingsvedtak i Fusa er difor avhengig av om det er kulturminne hjå oss som er interessante i eit regionalt og nasjonalt prioritert utval av minne. Slike vurderingar vil liggja til Fylkeskonservatoren og nye fredingssaker kan koma som følgje av fylkeskommunal verneplan.

### NATURVERNLOVA

Naturvernlova kan nyttast for å få eit formelt vern av kulturlandskap. Eit kulturlandskap kan leggjast ut til landskapsvernområde (§ 5). Slike område er ofte relativt store fordi målet er å verna eit særprega landskap, og føresegnene kan difor ikkje vera for restriktive. Kulturminna vil ha eit svakt vern i eit slikt område.

### KOMBINERT LOVBRUK

Ein kombinert bruk av dei forskjellige lovene vil i dei fleste tilfella gje det beste vernet. Heilskapen i kulturlandskapet kan t.d. vernast som landskapsvernområde med føresegner om skjøtsel, medan dei mest verdifulle kulturminna kan fredast etter kulturminnelova.

## **1.2.2 Økonomiske verkemiddel**

Kostnadene med kulturvernarbeid er ofte store. For private som restaurerer hus er ofte eigen innsats stor både i arbeid og pengar. Tilskota frå det offentlege utgjer gjerne berre ein liten del av finansieringa. Ofte går ein glipp av mogelege tilskot fordi ein ikkje kjenner til ordningane.

Ein kan dela inn dei ulike finansieringskjeldene slik:

- private tilskotsordningar
- kommunale
- fylkeskommunale
- statlege

Dei viktigaste ordningane er presenterte i vedlegg 2. Det er viktig å vera klar over at det gjerne er ein «dominoeffekt» mellom ulike ordningar. Stor eigeninnsats kan utløysa velvilje ved søknad til kommunen om tilskot. Har ein først fått kommunalt tilskot så er det lettare å få tilskot frå fylkeskommune eller landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen. Statlege ordningar krev at både kommune og fylkeskommune tek sin del av kostnadane.

## **1.2.3 Organisatoriske verkemiddel**

Eigarane av kulturminna er dei viktigaste «vernarane». For Fusa kommune og kulturkontoret vil ein i arbeidet med kulturvern også dra vekslar på lag og organisasjonar, ei rekkje offentlege institusjonar og andre offentlege tiltak (sjå vedlegg 5).

### 1.3 STATUS FOR RESTAURERINGS- OG KULTURVERNARBEID

Fusa kommune har ytt tilskot til ei rekkje restaureringsarbeid og kulturverntiltak dei siste 20 åra. Til saman er det fram til 1996 tale om vel 750.000 kr fordelt på meir enn 30 tiltak (sjå vedlegg 3). I tillegg til dette er det utført restaureringsarbeid på verneverdige bygningar der Fusa kommune har ansvar for vedlikehaldet t.d. Holdhus skulemuseum og Fusa gamle prestegard, «Doktergarden».

Hordaland fylkeskommune har spelt ei viktig rolle i det lokale vernearbeidet i same perioden. Dei har løyvd tilskot til ei rekkje tiltak. Fylkeskonservatoren og seinare Prosjekt Vestkyst og Kulturlandskapsenteret har også involvert seg i gjennomføringa av restaureringsarbeid m.a. på Engevik Hamn, Vinnesholmen og Engevik Gard.

På 1990-talet har Landbruksdepartementet og tilskotsordningar knytt til kulturminne og kulturlandskap i samband med jordbruksdrift og jordbrukslandskap vorte ei sentral finansieringskjelde for både små og store tiltak (sjå vedlegg 4).

Ein vesentleg ressurs i kulturminnevernet både innan restaurering og kulturminneregistrering har vore ulike sysselsetjingsordningar gjennom arbeidsmarknadsetaten. Både fylkeskommunen og kommunen har vore arbeidsgjevar for arbeidslag som heilt eller delvis har vore løna med statlege sysselsetjingsmidlar.

Dei private deltakarane må sjølvsgatt ikkje gløymast. Både grunneigarar og i nokre høve også organisasjonar gjer ein stor innsats både i form av arbeidsinnsats og egne pengar.

I større restaureringsarbeid som Engevik Hamn, Engevik Gard og Vinnesholmen har fleire av desse aktørane vore med både i planlegging, finansiering og gjennomføring.

Ved eit attersyn på dei mange tiltak som er gjennomførde må ein konstatere at ein manglar system og rutiner for rapportering og evaluering. Dette gjer at ein manglar oversikt over ressursbruken. Det vert også vanskeleg å dra vekslar på erfaringar og kunnskap ved seinare restaureringsprosjekt når det ikkje ligg føre skriftlege rapportar. Store restaureringsoppgåver må følgjast opp med prosjektrapport ved avslutning av arbeidet.

Hordaland Fylkeskommune har for sine tilskotsordningar innført rutinar som skal sikra kulturminne som det vert løyvd kulturverntilskot til. Det er m.a. eit vilkår for å få utbetalt tilskot på kr 50.000,- eller meir, at det er underteikna ein tinglyst verne- og vedlikehaldsavtale. Problemet med slike retningslinjer kan vere at dei verkar unødvendig byråkratiserande. Dei må difor nyttast med eit visst skjønn. I tillegg til å få ei ordning for vedlikehald og vern bør ein på kommunalt nivå ha ein gjennomgang av rutinene slik:

- at restaureringsarbeid er tufta på fagleg forsvarlege planar
- at ein så sant råd nyttar handverkarar med naudsynt kompetanse
- at større restaureringsarbeid har ei organisering med klårt definerte ansvarsforhold

## 1.4 KOMMUNEN SINE OPPGÅVER OG ANSVAR

Kommunen sitt formelle ansvar innan kulturminnevernet går fram av kulturminnelova, lov om kyrkjer og kyrkjegardar og plan- og bygningslova. Ut over dette er det opp til kommunen sjølv å formulera kva for oppgåver kommunen frivillig tek på seg.

Kommunedelplan for kulturvern og kulturkapitlet i kommuneplanen må formulera mål for arbeidet med kulturminnevernet i kommunen og gjera framlegg til strategiar og tiltak for å nå desse.

### SAKSHANDSAMINGA

Kulturminnevernet kjem inn i biletet i ei rekkje saker i den kommunale forvaltninga. For **teknisk etat** og Hovudutval for teknisk sektor er oppgåvene i sterk utstrekning fastlagt i plan- og bygningslova. Denne etaten får ei rekkje saker til handsaming der det er snakk om tiltak som har konsekvensar for kulturminne. Dette kan vera søknader om fasadeendringar, riving, ombygging eller fortetting av eksisterande eldre bygningsmiljø ved nybygging. Eigedomsavdelinga ved teknisk etat er ein viktig forvaltar av kommunale eigedomar. Mange bygningar og anlegg i kommunal eiga er av kulturhistorisk verdi.

**Landbrukskontoret** står sentralt i saker som gjeld jordvern og kulturlandskap. Avdelinga formidlar fleire statlege tilskotsordningar som har konsekvensar for kulturvernet. Bygdeutviklingsmidlar kan nyttast til å skapa nytt liv i gamle bygningar knytt til landbruksnæringa. Det vert gjeve tilskot til restaurering av verneverdige hus i gardstun og tiltak i kulturlandskapet. På den andre sida er det også tale om tilskotsordningar som kan koma i konflikt med verdiar i kulturlandskapet, t.d. nye landbruksvegar.

**Miljøvernleieren** sit i administrasjonssjefen sin stab i sentraladministrasjonen og er ein viktig person i den samla ressursforvaltninga både i sakshandsaminga og det overordna planarbeidet.

**Kulturkontoret** står sentralt i arbeidet med dei ikkje-lovpålagde oppgåvene innan kulturvernet. Kulturkontoret er fagavdelinga når det gjeld kulturminnevernet i kommuneadministrasjonen og har eit overordna ansvar for kulturvernet i kommunen. Sidan det er fleire etatar og avdelingar som er involvert i kulturvernet er det viktig at intensjonane bak fullført sakshandsaming vert følgde opp.

I tillegg til å ha ansvar for ordinær sakshandsaming er kulturkontoret også ansvarleg for å etablera rutiner for kvalitetssikring av restaureringsarbeid og andre kulturverntiltak der kommunen er involvert som arbeidsgjevar, grunneigar og/eller tilskotsytar.

Kommunen har ikkje berre ansvar for dei einskilde tiltaka. Vel så viktig er den samla ressursforvaltninga i kommunen, der dei store arealdisposisjonane vert gjort. Kommunen skal sørgja for at kulturminnevernet kjem inn både i kommuneplanen og i dei einskilde reguleringsplanane. I slikt planarbeid er kommunen pliktig å samarbeida med fagstyresmakta i kulturvernet, og hovudadressa i nivået over kommunalforvaltninga er fylkeskonservatoren.

På fleire felt innan kulturminnevernet er det oppgåver og utfordringar som det ikkje kan seiast å vera kommunen si formelle plikt å gå inn i t.d. informasjonstiltak ved kulturminne. Desse «frivillige» oppgåvene er viktige i eit offensivt arbeid i kulturminnevernet. Kommunen kan driva ein aktiv kulturvernpolitikk ved å prioritera oppsøkjande planlegging og saksbehandling. Innsatsen på dette området er likevel avhengig av lokale politiske prioriteringar av ressursar.

Det er fleire aktørar på regionalt nivå som arbeider med konkrete tiltak og ressursutvikling innan kulturminneområdet, t.d. Kulturlandskapscenteret, Husflidskonsulenten i Hordaland og Bjørnefjorden reiselivslag. Desse instansane ønskjer eit nært samarbeid med kommunane, og saman vil ein kunna løysa mange oppgåver som kommunane åleine ikkje får gjort noko med.

### INFORMASJONSTILTAK OG HALDNINGSSKAPANDE ARBEID

Innan det området ein kan kalla informasjon og haldningsskapande arbeid, er det høve til å utvikla samarbeid med både lag/organisasjonar, skuleverk, forskingsmiljø og museum. Det kan arbeidast med tiltak som går direkte på vern av handverk, kulturminne eller vidareføring av særmerkte tradisjonar, men det er også viktig å ta opp tema av meir generell karakter som t.d. barnekultur, kvinnekultur og kystkultur.

Oppgåvene er mange. På ein skilde felt har det blitt sett i gang tiltak, på andre er lite og ingenting gjort. Me vil her berre peika på nokre tiltak som det kan vera aktuelt å arbeida med:

**Kommunal informasjon:** Teknisk etat og kulturkontoret kunne gå saman om informasjonsbrosjyre/lysing, der føremålet var å gjera publikum betre kjent med kulturminnelova og reglar i plan- og bygningslova som gjeld vern av faste kulturminne. Likeins å informera om tilskots- og låneordningar på antikvarisk grunnlag, og formidla kontakt med fagleg rettleiar, t.d. fylkeskonservatoren sin arkitekt som kan yta fri hjelp i byggjesaker som gjeld kulturminne.

**Møte:** Arrangera møte med fagfolk (arkitektar, entreprenørar, ferdighusfirma) med tema innan byggjeskikk o.l. Møte med interesserte privatpersonar, politikarar, organisasjonar o.l. om tema innan kulturvern. I samband med kommunen si kursverksemd for dei folkevalde, kan det også haldast kurs om kulturvern.

**Frivillige lag:** Engasjera lag til å ta opp tema som gjeld kulturminnevern i deira publikasjonar og aktivitetar, t.d. idrettslag i ei "vandring i kulturlandskapet", postvegmar sj.

**Undervisning/opplæring:** Leggja til rette for og stimulera til at barnehagane brukar lokale kulturminne og lokalhistoria i si pedagogiske verksemd. Få skulane til å trekkja arbeid med lokalhistorie inn i undervisninga. Det nye læreplanverket opnar for mykje prosjektarbeid og bruk av nærmiljøet i undervisninga. Lokalhistorie og kulturminne kan her inngå i ulike fag. Kvar skule bør ha ein eigen plan for miljøundervisninga og skuleverket i kommunen burde ha ein samla plan for miljølære der ein kunne samordna tiltak, bidra til idéutveksling og «kulturutveksling». Skulen er ein viktig arena for haldningsskapande arbeid, men kan også verta ein viktig aktør i det praktiske kulturvernet ved å utføra t.d. kulturlandskapsdugnader, stå for utstillingar og vera miljødetektivar mot mit og gravemaskiner m.m.. Dei vidaregåande skulane burde også integrera praktisk kulturvern i undervisninga, anten som t.d. valfag i lokalhistorie eller i obligatoriske fag.

Innanfor heile barnehage- og skulesektoren ligg det store utfordringar i det pedagogiske utviklingsarbeidet knytt til lokalhistorie og kulturminne.

**Forskning og formidling av forskingsresultat:** Kommunen må oppmuntra til at det på høgskule- og universitetsnivå vert arbeidd med lokalhistoriske tema og emne som tek for seg dei materielle kulturminna i kommunen. Det er av stor verdi at slikt arbeid vert gjort tilgjengeleg gjennom publikasjonar og utstillingar. Det må vera naturleg å samarbeida med Hordamuseet i arbeid med å leggja tilhøva til rette for dette.

**Utstillingar:** I samarbeid med lag og musea på ulikt nivå må ein arbeida for å få til utstillingar med kulturminne frå kommunen. Særleg viktig er det å få utstillingar med gjenstander frå fornfunn som i dag er gøymd bort i musea sine samlingar og utstillingar med tilknytning til lokale husflids- og handverkstradisjonar.

**Skilting:** Skilting av interessante kulturminne er altfor dårleg i Fusa. Kulturkontoret og reiselivslaget må gå saman om å få betra informasjonen ved kulturminne som etter kulturminne-planen treng slike tiltak. Eit arbeid med skilting må dessutan vera nøye koordinert med Kulturhistorisk vegbok og det som er teke med av "attraksjonar" der.

**Lokalhistorisk litteratur:** Bygdebøker og andre lokalhistoriske publikasjonar er viktige kjelder til lokalhistoria. Krigsminneboka «Verda inn over dørstokken» er eit godt døme på korleis ein kan få ført vidare kunnskap om den nære fortida ved ei bokutgjeving. Det er løyvd pengar til å starta opp arbeid med bygdebok. Eit slikt bokverk vil truleg få mykje å seia for kva ettertida vil vita om livet i Fusa-bygdene på 1900-talet. I tillegg til boka vil ein gjennom førearbeidet få eit omfattande arkivmateriale som vil kunna vera grunnstamma i eit lokalhistorisk arkiv.

Det bør i tillegg satsast på å byggja opp ein lokal faglitteratur om dei mest sentrale faste kulturminna i kommunen. Det same gjeld for lokale handverks- og husflidstradisjonar og generell lokalhistorie. Dette bør utformast slik at det har verdi både for pedagogisk verksemd i skulen, allmenn opplysning og informasjon for tilreisande. Det skulle her vera mogeleg å få eit samarbeid med Kulturlandskapssenteret og å byggja ut det stoffet som ligg føre i Kulturhistorisk vegbok for Hordaland slik ein t.d. har gjort i boka om Fedje. Eit slikt stoff kan også utviklast i samband med bygdebokarbeidet.

## 1.5 KRITERIA FOR VERN. KVA ER VERNEVERDIG ?

Synet på kva som er verneverdig vil veksla med tida. Det er også avhengig av personen som ser, kva bakgrunn han har og kva fagleg synsstad han nærmar seg problemet frå. Det er ikkje mogeleg, eller ønskeleg, å koma fram til faste kriterium for verneverdi. Men me kan godt leggja til grunn ein del føresetnader som me meiner må oppfyllest for at eit kulturminne eller ein kulturtradisjon skal vera verneverdig.

### KULTURHISTORISK REPRESENTATIVITET

Bygningar og bygningsmiljø som er representative for den historiske utviklinga innan dei ulike kulturlandskapa, er aktuelle i ei vurdering av kva som er verneverdig. Mellom slike bygningar og miljø må ein velja objekt som høver for vern eller ny bruk.

### SJELDNE KULTURMINNE

Nokre typar kulturminne er det berre få att av, t.d. kvernhus. Dei vil av den grunn ha høg verneverdi. Høg alder har vore ein viktig målestokk, men i ei tid der endringane i samfunnslivet og det fysiske miljøet har vore store dei siste åra, vert «gammalt» eit relativt omgrep som er vanskeleg å bruka.

Sjeldne bygningar kan også vera interessante fordi dei har vore få, men "typiske" innslag i den lokale bygningsmassen, t.d. embetsmannsgard, handels- og gjestgjevarstadar. Til slike kulturminne knyter det seg dessutan sentrale kapittel i lokalhistoria som det er verdifullt å ha minne frå.

For lokale typiske lause kulturminne, t.d. åkle, er det snarare handverkaren enn gjenstanden som er sjeldsynt. Det finst mange åkle, og kvart minne har difor liten verneverdi i seg sjølv. Verneoppgåva er her særleg knytt til framhald av sjølv produksjonen og vilkår for vidareføring av særmerkte handverkstradisjonar.

### KULTURMINNE MED OPPHAVLEG UTSJÅNAD

Det at eit kulturminne enno har den opphavlege utsjånaden og har unngått vesentlege endringar, aukar verneverdien. Likevel kan ombygde hus ha verneinteresse dersom endringane og ombygginga speglar den historiske utviklinga til objektet og denne i seg sjølv er interessant.

### MILJØVERDI

Di fleire objekt som samla syner opphavlege miljø og historiske strukturar i landskap og samfunnsliv, di større blir verneverdien.

Ill.: N.G. Brekke

### TILGJENGE

I dei fleste høve vil det auka verneinteressa at kulturminnet ligg lett tilgjengeleg for publikum. Kopinga mellom friluftsliv og kulturminne kan også aktualisera tiltak overfor kulturminne som utifrå andre kriterier mindre interessante.

#### PEDAGOGISK VERDI

Dersom kulturminnet vil høva i ein pedagogisk samanheng vil det auka verneverdien. Opplevingsverdien og kunnskapsformidlinga til skuleelevar og publikum vil gjera somme kulturminne meir interessante enn andre.

#### TEKNISK STAND

Ved eit utval av kulturminne, vil det telja med at kulturminnet er i teknisk bra stand. Dette både av økonomiske omsyn og med tanke på i kva grad det er råd å gjera eit godt restaureringsarbeid utan å måtta skifta ut for mykje av det opphavlege.

#### FORSKING

Somme kulturminne har verdi for vitskapleg forskning. Særleg gjeld dette fornminne, der det kjende materialet ved minna ofte berre er ein liten del av det som verkeleg finst på staden, eller at kunnskapen om minna enno er mangelfull og under stadig revisjon. Eit godt døme på slike minne er buplassar frå steinalderen.

#### HISTORISK KJELDEVERDI

Kvart kulturminne er unikt og ein ikkje-fornybar ressurs. Kvart kulturminne har ein eigenverdi som eit historisk dokument og historisk kjelde for framtidige generasjonar.

#### ESTETISK VERDI

Kulturminne kan som inventar i landskapet ofte ha estetiske kvalitetar som gjer dei særleg verneverdige.

#### PERSONAL

Det kan vera aktuelt å ta vare på t.d. bygningar utifrå at eigaren har vore ein personlegdom t.d. forfattar eller politikar. Eller at kulturminnet kan knytast til særlege hendingar.



## 1.6 KOMMUNALE RETNINGSLINER

I det følgjande er det gjeve kommunale retningslinjer for å sikra ei betre forvaltning av kulturverdiane i det fysiske miljøet. Desse byggjer på tilsvarande retningslinjer i den fylkeskommunale planen for kulturvern og sentrale punkt i plan og bygningslova.

### AV PLAN OG BYGNINGSLOVA FØLGJER DET AT:

- Kulturminne skal vera ein del av den heilskaplege miljø- og ressursplanlegginga ved integrering i kommuneplanarbeidet.
- Spesielt verneverdige miljø og område bør bandleggjast i arealdelen til kommuneplanen med sikte på regulering til spesialområde (PBL § 25-6).
- Dersom kulturminnet er verneverdig og står i fare, skal kommunen vurdera mellombels bygge- og deleforbod etter PBL § 33.
- I alle byggjesaker skal ein freista å fremja gode estetiske løysingar ( PBL § 2 og § 74 nr 2)

### VIDARE VIL FUSA KOMMUNE GJERA GJELDANDE

- Viktige kulturminne bør visa på plankartet i arealdel i kommuneplanen.
- Når det vert utarbeida reguleringsplan for område der det ligg automatisk freda kulturminne eller kulturminne prioritert i kulturvernplanen skal ein vurdera å regulera eit eige spesialområde for det verneverdige kulturminnet og utarbeida eigne reguleringsførsegner.
- Tiltak i LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) som ligg nærare automatisk freda kulturminne enn 100 meter, krev uttale frå kulturseksjonen i fylkeskommunen.
- I byggjesaker som gjeld bygningar verneverdige i samsvar med vernekriterier i kulturvernplanen, skal det gjerast ei fagleg/antikvarisk vurdering. Dette gjeld både spørsmål om riving og endringar i fasadar m.m.
- I byggjesaker som gjeld bygningar og anlegg som er prioritert i kulturvernplanen skal det liggja føre uttale frå kulturseksjonen i Hordaland fylkeskommune. Viktige prinsippaker skal leggjast fram for Utval for oppvekst og kultur for uttale.
- Ved søknad om riveløyve eller vesentlege endringar i interiør eller eksteriør kan det setjast krav om antikvarisk dokumentasjon dersom kulturminnet ikkje er registrert tidlegare. Kulturkontoret utfører registreringa som er ei enkel antikvarisk utgreiing med oppmåling, fotoregistrering og skriftleg dokumentasjon.
- Ved istandsetjing/restaurering av verneverdige bygningar og anlegg skal arbeida utførast i samsvar med god antikvarisk byggjeskikk. Det er viktig at sakshandsamarane på teknisk etat, kulturkontoret og landbrukskontoret forvissar seg om at dette prinsippet vert følgd og at ein drar vekslar på antikvarisk fagekspertise på fylkesnivå.

- I kulturlandskap prega av tradisjonell byggeskikk og eit aktivt jordbruk skal ein så langt råd freista å finna gode heilskaplege løysingar som tek omsyn til kulturverdiane i landskapet både i frådelingssaker og i byggjesaker.

## 1.8 KONKLUSJONAR

- Kulturkontoret er fagetaten når det gjeld kulturvern i kommuneadministrasjonen. Arbeidet med å samordna og driva fram kulturvern i kommunen må tilleggjast kulturkontoret. I så måte vil kommunedelplanen for kulturvern vera ein nyttig reiskap. For at kommunen skal kunna følgja denne opp på ein aktiv måte, er det ein føresetnad at kommunen utviklar eit nært samarbeid med frivillige lag og andre aktørar i dette arbeidet.
- Kommunale tilskot til kulturvern er med på å løysa ut tilskot og innsats hjå andre, både i privat og offentleg sektor. For å kunna møta dei utfordringane som er på dette fagfeltet, er det viktig å oppretthalda budsjettpostane til kulturverntilskot og om mogeleg auka desse.
- For å betra tenestene og styrkja kulturvernet si stilling på det lokale forvaltningsnivået er det naudsynt å byggja opp kompetanse knytt til alle etatar og avdelingar som har sentrale oppgåver i dette fagområdet. Sjølv om kulturkontoret er «fagetaten» må også teknisk etat, landbrukskontoret, miljøvernleiar og opplæringsetaten ta eit ansvar for å utvikla fagleg kompetanse på sine særlege ansvarsområde.
- Det tverretatlege samarbeidet må utviklast vidare slik at ein får ei effektiv sakshandsaming, god forvaltning av ressursane og best mogeleg tenestetilbod for publikum. Det må etablerast rutinar for kulturverntilskot og restaureringsarbeid der Fusa kommune er involvert slik at ein sikrar kvalitet og tryggjer kulturverdiar.
- Det må også vera ei målsetjing å betra samarbeidet med fagorgan på regionalt nivå. I tillegg til å vera forvaltningsorgan med lovpålagde oppgåver i dette fagfeltet, sit dei også med verdfull spisskompetanse.

**DEL 2**  
**VERNE- OG TILTAKSPLAN**

## **2.1 FASTE KULTURMINNE**

Faste kulturminne er dei urørlege kulturminna kring oss, d.v.s. kulturminne som ikkje kan flyttast i våre omgjevnader. I planen handsamar me dei faste kulturminna i hovudkategoriar: kulturlandskap, kulturminnemiljø og einskildobjekt.

I lovverket er det gjort eit markert skilje i vernestatusen til kulturminne før reformasjonen i 1537, og minne som skriv seg frå tida etter 1537. Kulturminne frå oldtid og middelalder er i følge Kulturminnelova automatisk freda. Kulturminne frå etter-reformatorisk tid må derimot fredast ved særskild vedtak (men kulturminne i sjø eldre enn 100 år er automatisk freda). Dette skiljet som er gjort i lovverket pregar dessutan heile forvaltninga av kulturminnevernet. Det vil difor vera tenleg å handsama dei to bolkanane kvar for seg. Med få unntak er dette skiljet gjennomført i planen. Kulturminne eldre enn år 1537 vert handsama som kulturminne frå forntid (fornminne). Kulturminne yngre enn 1537 som kulturminne frå nyare tid.

### **KULTURLANDSKAP**

Landskap påverka av menneske i ein slik grad at hovudlinene i den opphavlege naturen syner att, er å rekna som kulturlandskap. Slike landskap representerer eit biologisk mangfald, samstundes som det kan ha eit historisk inventar av bygningar og anlegg. Landskap sterkt nedbygd med vegar, bygningar og andre anlegg er å rekna som byområde/bylandskap.

### **KULTURMINNEMILJØ**

Med kulturminnemiljø meiner me her ei samling einskildminne som utgjer ein heilskap, men utan å vera knytt saman i ei fasttøymra eining. Sentrumsmiljø og sjøbruksmiljø vert å rekna som kulturminnemiljø, det same gjeld område med stor tettleik av faste fornminne.

### **EINSKILDOBJEKT**

Einskildobjekt mellom faste kulturminne er ein eller fleire bygningar som utgjer ei funksjonell eining karakteristisk for anlegget. Gardstun vert å rekna som eit einskildobjekt, sameleis ein gjestgjevarstad med fleire bygningar.

## 2.1.1 Kulturlandskap

Til dei fleste faste kulturminne knyter det seg verneinteresser til samanhengen minnet står i. I eit bymessig strok vil ein då snakka om området, på landsbygda om landskapet. Utan ein fysisk god historisk samanheng vil ofte opplevingskvaliteten ved kulturminna bli forringa, og dermed også verneverdien.

Kulturlandskapet har først for alvor kome på sakskartet i kulturminnevernet dei siste 10 åra. Ein medviten politikk på dette vil innebera at ein kanskje heller byggjer ut område med små eller ingen verdiar som kulturlandskap, enn dei som har slike verdiar. I mange tilfelle vert dette sikra ved å halda fast ved tidlegare prinsipp om vern av dyrka mark. I seinare år har det vorte stadig meir aktuelt å fortetta busetnaden i bygdene. Det fører til nybygging i etablert spreidd busetnad som fort kan endra karakteren i landskapet.

Styringa av denne utviklinga ligg lokalt hjå grunneigar, lokalpolitikarane og byggjesakshandsaminga. Noko som sjølv sagt kompliserer dette biletet er jordbruket si stilling i framtida, der me står i fare for å få ei gigantisk nedbygging av heile næringa. Dette kan få drastiske konsekvensar for det kulturlandskapet me i dag opplever som Fusa og Noreg. Dette er ei side ved landbrukspolitikken som kjem stadig meir i fokus, og frå landbruksdepartementet er det sett inn ressursar i arbeidet med vern av kulturlandskap.

I Fusa står landbruket framleis sterkt og ein har velhaldne gardar kringom i bygdene. Likevel gjer endra driftsformer med mindre utmarksbeite og nedlegging av mindre bruk at kulturlandskapet har endra seg mykje dei siste 10 åra. Når ein skal vurdera kva kulturlandskap som er særleg verneverdige skulle dette vore basert på ei kartlegging/registrering. Noko slik registrering er ikkje gjort for heile kommunen. Ein vil difor her peika på at det er både større samanhengande område og meir spesielle område som er interessante som kulturlandskap. Av større samanhengande område som peikar seg ut kan ein nemna:

- Holmefjord
- Øvre Hålandsdalen
- Fusa-halvøya (Strandvik, Vinnes, Skjørsand, Fusa)

### KIKEDALEN

Kikedalen er eit særmerkt kulturlandskap. I følgje tradisjonen er dette ein øyegard etter svartedauden sine herjingar kring år 1350. Naturen er storslått, men ein finn også mange spor etter menneske. Det er hustuffer framme i dagen som kan vera frå mellomalderen. Skogen i området har vore nytta til lauving fram mot våre dagar. Styvingstre står høgt oppe i dei brattaste liene. Vegetasjonen har elles vorte halde nedåt ved beite av sau og hest.

Kikedalen er komen med i dei nasjonale registreringane over særleg verneverdige kulturlandskap saman med seks andre område i Hordaland. I tilrådinga frå utvalet som hadde ansvaret for registreringane gjekk det fram at «Berørte myndigheter på fylkesnivå bør samarbeide om utarbeidelse av forvaltningsplaner for de prioriterte områdene» (Sluttrapport 1994).

Kulturlandskapet er godt halde i hevd. Ein er likevel svært avhengig av eit intensivt beite for å halda på det preget som landskapet har i dag. I 1997 vart det gjeve stimuleringsstøtte for å få fjordhestar på beite, og ein må truleg vurdera liknande ordningar også seinare år for å sikra ei forsvarleg kultivering av landskapet i påvente av ein forvaltningsplan.

Ein kan koma til Kikedalen både langs sti frå Gjørn og i båt over Gjørnavatnet. Stien er merka og skilta. Det er neppe aktuelt å gjera noko for å letta tilkomsten til området. Universitetet i Bergen har synt stor interesse for dalen som forskingsobjekt. Når ein får meir kunnskap i form av forskingsresultat bør det lagast til eit eige informasjonsmaterieil for Kikedalen med informasjonstavler og/eller faldarar.

### KOLDALSELVA

Koldalselva er rik på kulturminne etter næringsverksemd. Her har vore kraftstasjon, småindustri, sagbruk, bygdekvern, stampe m.m. Ser ein bort frå nye brukarar av smørfabrikken Viking er det ingen av desse verksemdene som er i drift. Dei fleste bygningane er borte og i beste fall står grunnmurane att.

Langs heile vassdraget finn ein jettegryter og interessante bergflater med skuringsstriper og svaberg. Vassdraget har fine naturkvalitetar for friluftsliv. Saman med kulturminna gjer det at ein har ein interessant heilskap i nedre del av elva. Det skulle høva godt å få til ein presentasjon av området i form av stiar, vegvisarar, skilt og brosjyre. Ein må vurdera tiltak overfor dei bygningane som er av størst historisk verdi. Kanskje kan det vera aktuelt å rekonstruera tidlegare bygningar der det er mogeleg/ønskjeleg. Koldalselva har vore så viktig for utviklinga av Eikelandsosen som tettstad at det er naturleg også å ta med Neset i ei kulturløype gjennom området.

## **2.1.2 Kulturminnemiljø**

Frå nyare tid er det særleg sjøbruksmiljøa og dei gamle fellestuna som gjennom seklar var dei dominerande kulturminne-miljøa. Fellestuna er borte, og fiskarbonden er ein saga blott. Fleire stader i kommunen er det likevel sjøbruksmiljø av historisk interesse. Fusingane har tidlegare vore sterkt knytte til utnytting av ressursane i havet. Ved sjøsida låg verkstadene og handelsbua, med sjøflata som viktigaste bygde-vegen. Sjøbruksmiljøa er dei handfaste vitna om fusingane sin identitet som eit fjordfolk. Handelsstadene som voks fram i siste halvdel av 1800-talet, vart eit høgdepunkt i denne utviklinga.

Eit spesielt trekk ved problematikken kring vern av kulturminnemiljø, er publikum sin omgang med minna. Handelsstader, sjøbruksmiljø og bygdesenter er område der ofte fleire eig grunnen, og der publikum har tilgjenge. Slike miljø er særleg viktige for innbyggjarane si stadstilknytning og identitet. Framtida for desse miljøa vert difor ei sak som vedkjem ålmenta. Dette må innebera at ein frå offentleg hald er særleg merksam på å røkta dei historiske bygningsmiljøa på offentleg stad. I Fusa er det særleg grunn til å vera merksam på dei gamle bygningsmiljøa i Strandvik sentrum, på Fusa, på Neset i Eikelandsosen og Sævareid sentrum.

Fornminna i eit fornminnemiljø er freda. Denne fredinga gjeld berre sjølv kulturminnet og ei sikringssone på 5 meter kring minnet. For å sikra heilskapen «fornminnemiljøet» eit formelt vern bør området tryggast gjennom «regulering til spesialområde vern», jfr PBL § 25-6.

Kulturminnemiljøa frå nyare tid prioritert i denne planen har ikkje noko formell vernestatus. Freding etter kulturminnelova er lite aktuelt jfr 1.2.1. Der det er naudsynt må ein vurderer å regulera til spesialområde. Reguleringsplan for naustrekkja i Strandvik sentrum er under politisk handsaming.

### **2.1.2-A Fornminnemiljø**

Den største tettleiken av fornminne finn ein på Vinnes. Kringom i bygda frå Djupvik til Skote finn ein spor etter menneske gjennom fleire historiske epokar. Minna ligg likevel så spreidd i landskapet, og fleire minne er fjerna, at ein vanskeleg kan peika på eit avgrensa område som eit eige fornminnemiljø.

#### Samnøy 11/1

På Samnøy er det helleristningsfelt, gravhaugar og buplassar. Helleristningsfeltet er av dei største i Hordaland. I følgje tidlegare granskningar skal her vera så mykje som 18 båttfigurar. I tillegg er det ein oval figur, 3 boga liner og 9 groper. Helleristningane er truleg frå bronsealder. Det er også to gravrøyser i området av uviss alder. I 1992 vart det oppdaga ein steinalderbuplass like ved helleristningsfeltet.

Alle desse fornminna ligg innanfor eit avgrensa område omkransa av beiteland og slåtteeng. På initiativ av tidlegare Bogøy skule vart det etablert ein sti som skulle knyta minna saman. Arbeidet stoppa opp m.a. fordi Fylkeskonservatoren sette vilkår for restaurering av helleristningsfeltet og utarbeiding av informasjonsskilt. Fylkeskonservatoren meiner helleristningane må sikrast betre mot trakk og forvitring. Det er gjort framlegg om å laga ei gangbru på framsida og utsida av knausen. Dette er ikkje følgd opp utover eit prinsippvedtak i kulturstyret (sak 35/94) om at det skal lagast planar og kostnadsoverslag. Det må ha høg prioritet å koma vidare i denne saka.

Eigar: Jostein Samnøy.

### **2.1.2-B Kulturminnemiljø frå nyare tid**

#### Naustmiljø i Strandvik

Naustrekkja i Strandvik sentrum er eit av dei største naustmiljøa i Fusa. I hovudsak er det tale om naust og buer bygd på 1800-talet i stav og lafteverk. Det er også bygd naust fram mot våre dagar. Kloss opp i naustrekkja ligg det også våningshus som er verneverdige.

Eigar: fleire

#### Naustmiljø Ådland

Ved Ådlandssjøen ligg det naustmiljø i to grupper. Lengst inne ligg ei gruppe med 4 naust og ei sjøbu. Nausta er bygd i grindverk, sjøbua i bindingsverk. Lenger ute i fjorden ytterlegare 4 naust og ei sjøbu. Frå sjøsida utgjer dette eit heilskapleg miljø. Nokre av nausta kan vera svært gamle. To av nausta i den ytste rekkja treng snarleg takvøla.

Eigar: fleire.

#### Eidegrend klyngjetun 72/1&2

I klyngjetunet på Eide er det to bruk Anders- og Johane-bruket. I 1880 sto det vel 18 hus i tunet. Berre seks av desse står att i dag. Ved århundreskiftet vart det bygd tre våningshus i sveitsarstil i utkanten av tunet. Det attverande stovehuset frå det gamle tunet er restaurert. Tunet er lagt til rette for å ta imot publikum. Eigargar: Aage Eide og Knut H. Eide.

#### Austestad 24/1&2

Dei to gardsbruka på Austestad gjev eit godt bilete på det nære hopehavet mellom sjø og land, jordbruk og fiske, i bygdene våre. Attåt fiske har dei også drive jektefart m.a. på Nord-Noreg. Det er ei god hamn like nedom tunet. Garden er godt bygd og har tunskipnaden frå like etter utskiftinga intakt. Våningshuset på 24/1 frå 1896 er av dei største bygningane i sveitsarstil i Fusa. Eigargar: Hans Arvid Austestad/Olav Austestad

#### Stølsmiljø Ådlandssetra

Bruka på Ådland hadde kvart sitt sel på Ådlandssetra. 6 sel står att i dag og er etter måten i god stand. Det var støling her fram til 1949. Stølsvegen er òg ein viktig del av dette kulturminnet. Eigar: fleire.

### **2.1.3 Einskildobjekt**

Faste kulturminne definert som einskildobjekt kan vera minne av høgst ulik karakter. Eit stort, gammalt veganlegg tel som eitt objekt på lik line med t.d. eit fornminne som knapt syner att ute i naturen.

Me vil her handsama tre ulike kategoriar av einskildobjekt: fornminne, bygningar, tekniske kulturminne.

Trass i at desse kategoriane kulturminne er høgst forskjellige, har problematikken kring vern av desse minna fellestrekk. Det å sjå på kulturminne isolert frå det fysiske miljøet det står i, er oftast utilstrekkeleg for vern av objektet.

Dei einskilte kulturminna er altså sårbare for nye tiltak i nærmiljøet, sjølv om minna formelt er verna, anten ved freding eller anna administrativt vedtak. Det er naudsynt å peika på dei særlege verdiane som ligg i visse einskildobjekt og sikra desse for ettertida. Vert dette ikkje følgt av ei medviten prioritering av det historiske miljøet og kulturlandskapet, er det likevel vanskeleg å verna om dei einskilte objekta.

#### **2.1.3-A Faste fornminne**

Det er staten ved Historisk museum i Bergen, som til no har hatt ansvaret for dei faste fornminna. Dette gjeld både formelt vern og vedlikehald og tilsyn med minna. Frå 1990 er dette ansvaret for ein stor del delegert til fylkeskommunen og stillinga som fylkesarkeolog. Historisk museum og fylkesarkeologen har hatt små ressursar å setja inn i tiltak for skjøtsel og sikring av fornminna.



Venteleg kan dette endra seg til det betre dersom fylkeskommunen utarbeider ein *forvaltningsplan for automatisk freda kulturminne*, slik det framgår av utkast til Fylkesdelplan for kulturminne.

Dei kjende faste fornminna i kommunen er registrert av Historisk museum og skal vera kartfesta i det økonomiske kartverket. Me har ikkje fullgod kunnskap om alle desse funna, då lite er gjort av vitskapeleg granskingsarbeid. Dette er ei medverkande årsak til at det er lite informasjon tilgjengeleg for ålmenta om dei ulike minna.

Høgst sannsynleg er det mange kulturminne eldre enn år 1537 som ligg skjult under torva. Med den kunnskap me har om tidlegare busetnad frå tidlegare funn og ved hjelp av «strandforskyvingskurve» (endringar i havnivået gjennom menneskehistoria) kan ein finna ut kvar i kommunen det er sannsynleg å gjera nye funn. Det må lagast eigne temakart for dette til bruk m.a. i handsaminga av byggjesaker slik at ein unngår i vanvare å øydeleggja freda kulturminne. Ein vil då ha ein god reiskap til å forvalta desse kulturminna etter «føre-var» prinsippet.

Dei kjende faste fornminna er i dag eit anonymt innslag i våre omgjevnader. Ein må vera både lokalkjend og ofte ha spesielle faglege føresetnader, for i det heile å finna desse minna ute i terrenget. Dårleg informasjon om dei fysiske minna ute i naturen, er både ein føremon og ein fare for vern av minnet. Om folk ikkje veit kva dei har framfor seg, kan dei i vanvare koma til å gjera uoppretteleg skade. Sidan minna trass alt har verdi som historie-forteljande dokument, må god informasjon og tilrettelegging vera den beste vernepolitikken for dei faste fornminna. I Fusa har ein fått til eit førebiletleg tiltak ved etablering av kulturstien på Vinnes der ei rekkje fornminne er med. Det er Fusa kulturminnelag som har etablert stien. Det bør setjast i verk liknande informasjonstiltak ved andre fornminne i kommunen. Kva minne som vert trekt fram vil gjerne vera avhengig av lokale initiativ.

Det må samstundes seiast at det beste vernet ofte er å la fornminnet liggja urörd. Frå bergbileta har ein m.a. erfaring med at helleristingar som har vore dekkja av jord og torv vert øydelagd av vind, vér og forureining etter få år når desse er avdekt.

Det er viktig å merka seg at alle fornminna ute i landskapet er verneverdige i kraft å vera einaste kjelde til kunnskap om bygda sin eldste historie, den gløynde historia. Alle fornminne er dessutan automatisk freda. Alle tiltak som vedkjem desse kulturminna skal godkjennast og avklarast med fylkesarkeologen og Historisk Museum.

### **2.1.3-B Bygningar**

Det historiske bygningsmiljøet utgjer ein vesentleg del av vår materielle kulturarv. I bygningsvernet spelar kommunen ei sentral rolle, gjennom forvaltninga av Plan- og bygningslova. Likevel er endringane i bygningsmiljøa i sterk grad bestemt av omskifte i forhold som gjeld samfunnet som heilskap, anten det er næringsdrift, bustadmønster, levestandard m.m.. Primærnæringane jordbruk og fiske har gjennomgått store endringar. Strukturendringane i desse næringane har gjennom heile dette hundreåret sett sitt preg på utviklinga innan bygningsmiljøa. Her er det heilt naudsynt å gjera prioriteringar som sikrar dei mest representative og verdifulle bygningar i gardstun og sjøbruksmiljø for ettertida.

Embetsmannssete og bygningar knytte til samferdsle og handel, har henta dei stilistiske impulsane utanfrå. Dette gjer dei antikvarisk interessante i ein vidare samanheng. Samstundes er dette anlegg som kvar på sin måte dokumenterer sentrale kapittel i den lokale kultursoga.

For unngå at ein får ei kunstig fokusering på einskildbygningar er det eit siktemål med planen å konsentrera innsatsen om få, men heilskaplege einingar. Det vil seia at der ein peikar ut eit gardstun, er det heile tunet som er verneverdig og ikkje berre stova. I tillegg må det også vera rett å ta med både bygningar og anlegg i utmark (t.d.vårflorar og steingardar) og sjøhus som ein del av den verneverdige garden. I Fusa må ein vera særleg merksam på bygningar i utmark. Det finst mange slike, men dei aller fleste er ute av bruk og får lite og inkje vedlikehald.

Dei raske endringane i samfunnet vårt gjer at me i dag må vera observante på kulturhistoriske og antikvariske verdiar på relativt nye bygningar.

I planen vil me no ta med ei liste over dei bygningane som er høgt prioriterte i kommunen. Desse vil seinare kunna bli supplert med andre bygningar og justert i forhold til ei evaluering av registreringane av verneverdige hus (Sefrak). Ei liste over verneverdige hus vil det først vera mogeleg å utarbeide når eit endeleg registreringsmateriale frå Sefrak er gjort tilgjengeleg som database og kulturminna er evaluert. Det bør då lagast ein eigen katalog over verneverdige hus i Fusa.

#### Handelsstad på Sundvorøy (120/3)

Handelsstaden på Sundvorøy vart etablert på 1880-talet med sjøhus og bryggja. I hovudhuset var det krambu i første høgda og bustad i andre. Handelsverksemda vart lagt ned ved århundreskiftet. Bygningane vart restaurerte på 1970-talet og er halde godt i hevd.

Eigar: Helge Andersen

#### Nothengja på Skår 116/2

På ein holme i nore Skåravågen står det ei nothengja bygd på 1950-talet. Det er berre ei hengja til av det slaget i Fusa (Eikelandssosen). Hengja er eit godt døme på ein bygningstype som vart nytta i samband med lagring/tørking av nøter i dei rike sildeåra på 1950-60-talet. Nothengja ligg flott til i landskapet mest som eit landemerke både frå land og sjø. Hengja står dessutan i ein fin miljømessig samanheng til sjøbruksmiljøet på land som også er verneverdig.

Eigar: Sigmund Skår

#### Gardstun Solvang (Svinastein) 113/3

Gardstun med bygningar frå 17-1800-talet og truleg eldre. Bygningane er lite endra og er i dag prega av manglande vedlikehald. Døme på samanbygd anlegg med røykstova og bu. Interessante sjøhus og stølshus.

Eigar: Einar Solvang

#### Gardstun Lille- Baldersheim 107/1

Gardsanlegg frå 1700- og 1800-talet med karakteristisk våningshus, stabbur m.m.

Eigar: Steinar Skår

#### Handelsstad på Lille-Baldersheim (107/5)

Severin Baldersheim (1885-1967) etablerte landhandel og bakeri ved sjøen i 1916. Det store hovudhuset med krambu i 1. høgda vart bygd i ny-klassistisk stil kring 1920, noko som var uvanleg ute på bygdene i dei dagar. Drifta er lagd ned, men det gamle interiøret frå krambua står mykje godt slik det var frå starten. Bakaromnen bygd i tegl står òg att ute i bakarhuset. Kaianlegget med m.a. det gamle meieriet er prega av forfall.  
Eigar: Einar Baldersheim

#### Stavløe Mjånes (100/1)

I gardstunet på Mjånes er det ei lita løe med eit særmerkt grindeverk. Bygningshistorisk kan denne byggjemåten førast attende til 1500-talet. Løa vart restaurert på slutten av 1980-talet.  
Eigar: Sigurd Mjånes

#### Engevik Gard 99/1

Embetsmannsgard bygd opp av major Christian Wilhelm Segelcke i 1720-åra. I dag er det i alt 9 bygningar i tunet som truleg skriv seg frå 1700-talet. Våningshuset vart bygd i 1770 i karakteristisk Bergens-klassisme. Heile tunet med hage og bygningar er i seinare år restaurert og opna opp for publikum.  
Eigar: Lars Johan Ditmarsen

#### Engevik Hamn 99/2

Engevik Hamn slik den står i dag vart bygd opp i åra kring 1820. I følgje bygdeboka med «heimhus i herregårdsstil, 2 store sjøbuer, 2 store naust, 2 stabbur, borgstova, bakeri, smia og andre turvande hus på eit gardsbruk, dertil kaiar, hopar, veg og meir». Gründer på Engevik Hamn Lars Samsonsen Meidell (1796-1865) dreiv handel i stor stil med eksport av fisk som vart ført frå Nord-Noreg på eigne båtar, og import av korn frå Austerstøysjø-landa. Frå 1850 fekk «Hamnen» løyve som gjestgjevarstad. Sjøbuene vart restaurerte kring 1980.  
Eigar: Freddy Hjertholm

#### Gardstun Sandal 98/1

Våningshus med halvvalm frå midt på 1800-talet med klare stilførebilete henta frå Engevik Gaard. Stort eldhus og stabbur. Sjøbu som høyrer til garden med vindeskur og open svalgang inngår i ein miljøsamheng mot Engevik hamn.  
Eigar: Turid Glesnes

#### Gardstun Tombre 56/1

Samanbygd anlegg med røykstove, vedhus, do og høns-/grisehus. Stova er truleg frå 1700-talet.  
Eigar: Håkon Tombre

#### Hålandsdal kyrkje

Hålandsdal kyrkje sto ferdig i 1890 og avløyste den gamle kyrkja på Holdhus som soknekyrkje. Kyrkja er teikna av Karl Askeland frå Manger som også hadde ansvaret for byggjearbeida.  
Eigar: Fusa sokn

### Holdhus kyrkje

Denne vesle trekyrkja er reist i lafteverk. Kyrkja er endra og bygd om fleire gonger. Somme bygningsdeler strammar truleg frå ei stavkyrkje som har stått om lag på same staden. Det tømra skipet i kyrkja er reist i 1720-åra. Fortidsminneforeningen eig kyrkja og har omvisarteneste om sommaren.

Eigar: Fortidsminneforeningen

### Holdhus gamle skule

Holdhus gamle skule vart bygd i 1875. Fungerte som skulehus for Holdhus til 1956, og er i dag skulemuseum. (Sjå elles pkt 2.6.3)

Eigar: Fusa kommune

### Gardstun Hammersland 76/1

Gardstunet på Hammersland har vore mellom dei mest særprega einbølte gardstuna i Fusa. Diverre har fleire bygningar gått tapt dei siste ti-åra. I dag står det att lemstove, kårstove, stabbur, stall/vedhus, naust og kvernhus. Eit typisk gardsmiljø frå 1800-talet.

Eigar: Nils Hammersland

### Eikelandsfjorden gamle bedehus 23/14

Bedehuset på Neset vart bygd i 1892 og er truleg det eldste lagshuset i Fusa. Huset er bygd på fleire gonger m.a. i 1933. Huset er i dårleg teknisk stand og er ikkje i bruk.

Eigar: Harald Eikeland

### Gardstun Øvre Eikeland 23/5&6

Gardstun med to bruk. To våningshus i sveitsarstil. Eitt våningshus i 2 ½ høgd frå 1841. Kan vera eit bualoft frå før 1841. Eldhus frå 1882 med smie og kornturke. Steinmurar etter stor løe (23 x 9 meter) og restar etter hestevandring laga i samband med treskjeverke I utmarka er det gamalt hellebrot. Ved sjøen i Naustdalen er det eit interessant sjøbruksmiljø med m.a. steinmura naust. Eit særmerke ved bygningane på garden er dei fine tørmurane med god stein og eit flott handverksarbeid.

Eigarar: Gunn Olaug Eikeland & Hans Torolf Eikeland

### Postgarden på Øpstad 32/1

Postgarden på Øpstad hadde postopneri i over 100 år. Her var skysstasjon på den «Den Stavangerske Postvei». Posten gjekk over Fusa i åra 1786-1861. Skysstasjonen vart lagd ned først i 1901. Postopneriet vart flytta ut av tunet først i 1970-åra. I tunet står det i dag m.a. røykstove, lemstove og stabbur.

Eigar: Samson L. Øpstad

### Fusa gamle prestegard 31/5

Fusa gamle prestegard, også kalla «Doktergarden» eller «Rosenlund», er i dag einaste profane anlegg som er freda i Fusa. Våningshuset vart reist i 1843 av kapellan Rolf Olsen i dåverande Os prestegjeld.

Eigar: Fusa kommune.

### Lemstove Foer 36/1

Lemstove frå 1889. Ark med altan i to høgder og flotte utskjeringar. Godt døme på sveitsarstilen som har prega byggeskikken på Skjørsand og elles i Fusa kring år 1900.

Eigar: Per Vik

#### Naust, Vinnessundet 78/1

Naust truleg frå tidleg på 1800-talet. Særmerkt grindekonstruksjon med grindeverk i to høgder.

Eigar: Siv G. Holven

#### Vinnesholmen 78/40

Opphavleg husmannsplass under Vinnes-garden. Våningshus og løe frå kring 1860. Restaurert i 1991-1997. Holmen er avsett til friluftsområde i kommuneplanen sin arealdel.

Eigar: Fusa kommune.

#### Bedehus på Vinnes 78/28

Bedehus reist av Nesets Misjonsforening i 1918. Huset inspirert av nyklassismen sitt enkle formspråk. Aktiviteten i eigarlaget har lege nede i fleire år og huset er i dag nytta som lager.

Eigar: Nesets Misjonsforening.

#### Kvernhus, Djupvik 80/1

Lita gardskvern frå 1800-talet. Bygningen er i god stand, men dei tekniske innretningane er delvis borte.

Eigar: Magne Gjuvsland/Ragnhild Bjørke

#### Smie på Boga, Strandvik 82/2

Smie i det gamle tunet på Boga. Reist av bygdesmed Johannes Boga. Mykje av utstyret er intakt i smia som er etter måten stor. Bygningen er den einaste som står att etter bnr 2 i det gamle fellestunet og høyrer framleis til bnr 2.

Eigar: Erling Berge

#### Strandvik Kyrkje

Strandvik kyrkje vart reist i 1857. Seinare på 1800-talet noko ombygd innvendes.

Eigar: Fusa sokn

#### Naust, Leigland 89/

Steinmura naust med teglpanner på taket. Godt døme på ein byggjemåte som har vore vanleg i Fusa.

Eigar: Mikal Leigland

#### VERNESTATUS

Dei sakrale bygningane som er listeførte, har alle ein fredingsstatus. Kyrkjer eldre enn 100 år kan fredast etter særskilt vedtak. Verneinteressene er for kyrkjebygg sikra ved særskilt lov, "Lov om Kirker og Kirkegaarde", som legg det avgjerande ansvaret til kyrkje- og kulturdepartementet. Riksantikvaren har elles hatt ei sterk stilling i forvaltninga av bygningane, dette gjer at kyrkjene i praksis har vorte følgde opp av dei antikvariske styresmaktene som om dei var freda.

Når den gamle prestegarden på Fusa «Doktergarden» er det einaste profane anlegget som er freda, heng det nøye saman med den restriktive fredingspraksisen i Noreg. Engevik gard,

Engevik hamn og Vinnesholmen er alle anlegg i fredingsklasse. Når det ikkje har vorte reist fredingssak for desse anlegga, kjem det av at dei ikkje er truga av riving eller andre inngrep.

Av dei anlegga i lista som ikkje har nokon verne- eller fredingsstatus, er det for fleire av minna aktuelt å vurdera freding ved revisjon av gjeldande fredingslister og utarbeiding av fylkeskommunal verneplan, men høgst truleg vil staten også i framtida ha ein streng fredingspraksis (Jfr pkt 3.1.2). I den grad formelle vernetiltak vert naudsynte er bruk av plan- og bygningslova det mest aktuelle. Der kulturminne priotert i kulturvernplanen er truga og der ein har konflikter må ein vurdera å sikra området gjennom «Regulering til spesialområde vern» PBL § 25-6.

### 2.1.3-C Tekniske kulturminne

Med tekniske kulturminne meiner me her faste anlegg og installasjonar som i landskapet som t.d. vegar, bruer, kaiar, hellebrot og stemmer.

Dei tekniske installasjonane ute i landskapet utgjer ofte berre ein del av eit større anlegg. Når det gjeld slike industrielle anlegg med bygningar, vert desse handsama under pkt. 2.1.3-B, einskildobjekt - bygningar.

Ei fullgod vurdering av dei tekniske kulturminna i kommunen er vanskeleg å få til utan ei grundig registrering av det som er av slike minne i kommunen. Diverre er har ein ikkje fått ein systematisk registrering av desse i minna i samband med Sefrak-registreringane. Generelt kan me seia at det er grunn til å vera særleg merksam på dei tekniske minna som står i ein god samanheng andsynes verneverdige bygningar, eller der ulike tekniske minne ligg nær kvarandre.

Dei første bygdevegane ligg fleire stader att i landskapet og syner ferdsleveggar og samband me i dag nyttar oss lite av, anten p.g.a. vegstandard eller nye vegtrasear. Likevel kan slike vegar vera interessante minne frå tidleg vegbygging og ein ressurs i nærmiljøet. Når det gjeld historiske stiar og gamle samband mellom bygdene, er det viktig å oppretthalda desse. Det er naturleg å ta opp spørsmål om tiltak for desse kulturminna i Anleggsplanen for idrett og friluftsliv.

Ingen av dei prioriterte tekniske kulturminna har eit formelt vern. Der desse er truga av utbygging eller andre tiltak må ein vurdera fredingssak eller regulering til spesialområde etter PBL § 25-6.

#### Postvegen Fusa - Strandvik

Postvegen over Fusafjellet vart bygd i 1786 som ein del av postvegen mellom Bergen og Stavanger. Vegen vart brukt til posttransport til 1861 då dampbåtane tok over. Vegen vart nytta som bygdeveg mellom Strandvik og Fusa til 1901. I dag er det ein mykje nytta turveg. Det er gamle støttemurar og bruer fleire stader på det gamle veganlegget. Det har vorte gjennomført eit restaureringsarbeid på initiativ frå grunneigarane i Strandvik og på Fusa på 1990-talet.

#### Postvegen Sundfjord - Ølve

Postvegen frå Sundfjord til Ølve vart etablert samstundes med vegen over Fusafjellet i 1786. Traseen er lagd noko om somme stader. Vegen er også i dag nytta som bygdeveg og er truleg den eldste vegen i dagleg bruk. Vanskelege isforhold i Lygropollen gjorde at posten vinterstid måtte nytta hamna i Indrevågen i staden for Sundfjord. Posten vart då boren på sti over til Sundfjord og vidare søretter.

#### Leirkaien på Selsneset, Vinnes

Leirkaien på Vinnes var utskipingskai for Vindenæs Teglverk som var i drift i åra 1878-1923. Alle bygningar borte. Kaien er det einaste kulturminnet som står att. Kaien er bygd i naturstein og er ytst forma som ein triangel. Kaien vart restaurert på initiativ frå grunneigarane i 1991. Eigar: felleseige for hovudbruka

#### Gamle damskipskaien i Strandvik

Den gamle dampskipskaien i Strandvik, også kalla «Gamlekaien» står att som eit minne om den gamle ruteferdsla på Bjørnafjorden. Kaien er bygd mykje sameleis som Leirkaien på Vinnes med ein triangel ytst. Kaien hadde tidlegare også ein trepir utafør for koma ut på djupare vatn. Det var også eit lite eksedisjonshus ute på kaien.  
Eigar: Fusa kommune

#### Drageidekanalen

Drageidekanalen vart teken i bruk i 1887. Kanalen er 200 meter lang, bygd 3 meter breid i botn og har ei minstedjupn på 0,70 meter. 1912-13 vart trekkvegen bygd høgare og lengre. Kanalen var eit stort framsteg for kommunikasjonane mellom Hålandsdalen og omverda. Her vart ført både ved og meieriprodukt. Veganlegget som kryssar kanalen med ei bru, sto ferdig i 1936. Veganlegget er også eit teknisk kulturminne med sine imponerande tørrmurar.

#### Dalamannskaien ved Henangervatnet, Sævareid

Dalamannskaien er den gamle kaien for ferdsla på Skogseidvassdraget. Om lag 70 gardsbruk i Hålandsdalen nytta vassdraget som viktigaste ferdsleveg før landevegane tok over.

#### Riksveg 48, Matland-Holmefjord

Riksveg 48 er mellom dei vegane i Fusa det er gjort minst endringar med i seinare år. Dette er til forarging for bilistar, men fører også til at det gamle veganlegget med støttemurar og bruer syner tidlegare tiders ingeniørkunst og steinhandverk. Ved bygging av ny trasé mellom Matland og Holmefjord er det ikkje lenger aktuelt med særlege endringar på anlegget, og ein kan i staden tenkja seg ei restaurering med t.d. oppattsetjing av stabbesteinar.

#### Skiferbrot, Austestad

På dei to bruka på Austestad har det vore skiferbrot med uttak av stein i stor målestokk. Brotet ligg i utmarka og steinen vart frakta ned til sjøstranda med taubane. I perioden 1860-1900 sto dei to bruka for drifta sjølve. Seinare i 1900-1920 vart rettane leigde bort.

#### Steingard, Austestad-Eikeland

Det står ein særmerkt steingard mot utmarka i fjellsida oppom gardsbruka på Eikeland og Austestad. Garden er bygd i god stein frå skiferbrota i området.

#### Skytestilling/observasjonspost frå 2. verdskrig, Gjerdevik

På Stølsneset i Gjerdevik er det spor att etter ein observasjonspost bygd av den tyske okkupasjonsmakta. I 1942-43 vart det bygd 6 skytestillingar oppom vegen på Stølen og to nedom vegen på Stølsneset. Stillingane vart laga med tanke på å kontrollera vegen og mogelege fiendar som kom sjøvegen.

### **2.1.3-D Andre kulturminne**

Somme kulturminne høver ikkje inn i dei kategoriane som før er nemnde. Dette gjeld t.d. kyrkjegardar, gravminne og minnesteinar. Staten ved Kyrkje, utdanning og forskningsdepartementet og Miljøverndepartementet har sendt ut eit eige rundskriv våren 1998 om «Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturminne». Her har ein freista å ta omsyn både til kyrkjelyden sine behov og til framtidige generasjonar sin rett til oppleva kyrkjene sine kulturverdiar.



Kyrkjebygga er omtala under pkt 2.1.3-B og inventar under pkt 2.2.2. Kyrkjegardane representerer også viktige kulturverdiar (sjå eige pkt). Ved kyrkjene står det minnesteinar knytt til historiske hendingar og til minne om dei som fall i krig. Det er også liknande minnesteinar andre stader. I Sævareid sentrum står det m.a. ein minnestein over grunnleggjarane av «Sævareid Pap & Kartonfabrik». I Håvik står det ein bautastein til minne om at Noreg fekk eiga grunnlov i 1814, reist av Håvik ungdomslag ved 100 årsminnet året 1914. Slike minnesteinar er viktige kulturminne som bør få stå i fred og skjøttast for ettertida.

### Gravminne

Gravminne representerer kulturverdiar som i seinare år er stadig meir påakta. Soknerådet har høve til å gjera vedtak om vern av områder på kyrkjegarden eller av einskilde gravminne. I følge forskrifta til gravferdslova §27 skal ein vera særleg merksam på gravminne dersom det er «av en viss alder, at det representerer en stilhistorie, har et lokalt særpreg i form eller materialbruk, gir uttrykk for en interessant personalhistorie eller er unikt». «Av en viss alder» er i tidlegare nemnde rundskriv presisert til eldre enn 60 år. I Fusa har det vore eit samarbeid mellom fellesrådet for sokneråda og kulturkontoret der ein har vurdert tiltak for vern og skjøtsel lokale gravminne. Det er også gjennomført restaurering av einskilde gravminne. Det vert viktig å føra dette arbeidet vidare (sjå handlingsprogrammet).

### Kolerakyrkjegarden i Håvik

I Håvik er det ein eigen kyrkjegard bygd kring 1840 i samband med ein koleraepedemi som herja bygdene våre. To personar frå Baldersheim vart gravlagde her. Sjølve gravminna er borte. Ein kraftig ringmur er det einaste som står att. Kyrkjegarden har ikkje noko form for tilsyn eller vedlikehald slik andre kyrkjegardar. Fusa kulturminnelag har rydda på staden og sett opp skilt.


## 2.2 LAUSE KULTURMINNE

Lause kulturminne vert definert som dei rørlege minna. Båtar, bilar, sko, kister er lause kulturminne. Det same er økser, flintstykke, krukker frå forntida. Når kulturminna er flyttbare, gjer dette at det knyter seg andre føresetnader til vern av desse enn til dei faste minna. Lause kulturminne kan takast hand om i samlingar utanfor den opphavlege samanhengen. Dette gjer at me dag finn lause minne frå Fusa i ei rekkje museumssamlingar både i Bergen og andre stader. Når det gjeld kulturminne frå nyare tid, har ein her også fått ei spreining av ting på ulike museumsinstitusjonar og i stor utstrekning til privatpersonar busett utanfor kommunen.

Kyrkjene i Fusa har mange interessante verneverdige gjenstander. Det er positivt at desse er i aktiv bruk. Der tinga er merka av slitasje og elde bør ein vurdera og byta til nytt utstyr. Dei gamle tinga kan då brukast i spesielle høve. Det er viktig å sikra seg god dokumetasjon av tinga med tanke på fåra for tjuveri og brann. Ein bør også vurdera om tinga er trygt nok forvara.

### 2.2.1 Lause fornminne

Forvaltninga av fornminnevernet har vore ei statleg oppgåve. Historisk museum ved Universitetet i Bergen, har hatt ansvaret for både faste og lause kulturminne i Fusa. Frå 1990 vart dei administrative oppgåvene i dette vernet knytt til ei arkeologstilling ved Fylkeskonservatoren i Hordaland. Historisk museum skal framleis ha ansvaret for å ta hand om dei lause fornminna.



*Pilespissar funne i Djupvik. Teikning: Lil Gustafson*

Lause fornminne er i prinsippet statens eigedom. Funn gjort i Fusa er i dag hovudsakleg sikra i magasin ved Historisk museum. Funna strekkjer seg heilt frå steinalderen fram til vikingtid og middelalder. Hovudtyngda av funn er frå folkevandringstida. Det har vore utgravingar ved faste fornminne fleire stader i kommunen. Det er berre eit fåtal av dei faste fornminna som er grave ut, og det er også truleg at det i Fusa ligg mange fornminne, både lause og faste, under torva på stader der me til no ikkje har lokalisert slike.

Slår me fast at vernet av dei lause kulturminna i samlingane er ei ikkje-kommunal oppgåve, må ein gjera eit atterhald. Det må i høgste grad vera i

kommunen si interesse at dette materialet i musea kan koma fram i lyset ved utstillingar og andre høve. Dei faste fornminna syner ofte lite att i terrenget, og gjenstandane ein finn er i mange tilfelle den viktigaste historie-forteljande delen av funna og difor av stor pedagogisk verdi. Utstillingar vil auka merksemda om fornhistoria og få positive verknader for vernet av dei faste minna. Det må difor vera av stor verdi å få til utstillingar for eit større publikum, og det ville vera naturleg å gjera dette i nært samarbeid med skuleverket, eventuelt følgd opp med egne førarar (faldarar) og anna opplysningsverksemd, t.d. foredrag.

Funn av gjenstandar skal meldast til Fylkeskonservatoren direkte eller gjennom kulturkontoret. Å omgå denne plikta kan føra til at verdifull kunnskap går tapt, fornminne kan bli øydelagde og i siste omgang kan den ansvarlege grunneigaren eller utbyggjaren få søksmål mot seg frå det offentlege. Dersom ein ønskjer kopi av funn, har Historisk museum ved fleire høve laga kopiar av t.d. flintøkser. Desse kopiane har vore av høg kvalitet.

## **2.2.2 Lause kulturminne frå nyare tid**

Samlesekkjen lause kulturminne frå nyare tid omfattar svært mykje. I ein kommunal kulturminneplan er det naudsynt å staka ut dei lokale utfordringane innan dette feltet. Grovt sett kan me seia at det meste av lause kulturminne før 1900 var produsert lokalt, medan dei etter 1900 i stadig sterkare grad har blitt importert utanfrå. Organisert vern av gjenstandar har i høg grad konsentrert seg om dei lokalt produserte tinga. Musea har stått sentralt i arbeidet med gjenstandsvern frå det offentlege si side. Store båtar og skip, t.d. M/S Midthordland, kjem i ei særstilling og vert handsama under eit eige punkt (sjå 2.3.1).

Innan museumsvernet er ein kome til erkjenninga at det er ei grense for kva som kan vernast gjennom musea. På same vis som ein ikkje kan flytta alle verneverdige hus til eit folkemuseum, så kan ein ikkje samla alle verneverdige ting på musea. Det meste av verneverdige gjenstandar må takast hand om utanfor musea, og mykje vil i denne prosessen uvilkårleg gå tapt. Likevel kan musea gå inn i saker der særleg verneverdige ting står i fare for å gå tapt.

Eit tiltak som kan sikra eit minimum av dokumentasjon av den kulturarven dei lause kulturminna utgjer, er registreringar. I Fusa er det utført registreringsarbeid over rosemåling og bunader.

I Fusa er det vel særskild bunadssaum og åkle det kan vera aktuelt å konsentrera seg om ved ei kommunal prioritering. Gamle åkle eller bunadsklede vert høgt verdsett. Vern av desse tinga har ikkje vore på dagsordenen i det lokale kulturvernarbeidet dei siste åra, rett og slett fordi tinga vert tekne godt hand om ute i bygdene.

Eit offentleg engasjement kjem i dag oftare på tale når det gjeld større samlingar av ting eigarane sjølve ikkje rår med.

Stillinga til handverket er avgjerande for vern av gjenstandane. Det aktive handverket er t.d. innan båtvernet ein føresetnad for ei fagleg god utføring av større vølingsarbeid. Ein kan setja det på spissen og seia at utan båtbyggjar ingen båtbruk. Dette vert også den omvende vegen: det levande handverket er avhengig av ein marknad, altså brukskultur.


Dei tradisjonelle husflids- og handverksprodukta har alt vore gjennom omstillingar i marknaden fleire gonger. Tinga inngår i ein annan brukskultur i dag enn 150 år tilbake.

Andre tiltak som kan ha positive verknader for bygdefolket sine haldningar til lokale produkt er litteratur om slike emne og historiske utstillingar. Det skulle særleg liggja til rette for mange gode utstillingstema på dette området, der ein ved å trekkja inn utøvande innan faga kan få ein verdfull formidling både av historisk og levande tradisjon.

## 2.3 MARITIME KULTURMINNE

Maritime kulturminne er i planen forstått som kulturminne i eller på sjø. Kulturminne i sjø kan vera skipsvrak eller røyser med ballaststein. Kulturminne på sjø er båtar og skip. Det er mange farkostar som har vore i bruk som i dag er borte. Jekter frå Engevik hamn. Føringsbåtane til smørfabrikken «Viking». Dampbåten på Skogseidvassdraget. Notbåtar og kyrkjebåtar er det få att av, men dette er viktige minne om eit fjordfolk og ein kystkultur som har endra seg mykje på 100 år. Interesse for gamle båtar har teke seg mykje opp i seinare år, men ein har ikkje fått same oppsving i interessa i Fusa som mange andre stader langs kysten. Båtane er utan tvil ein særskild viktig del av kystkulturen.

### 2.3.1 M/S Midthordland



M/S Midthordland vart bygd i 1947 på Stord stålskipsbyggeri tinga av Midthordland Dampskipsselskap. «Midthordland» er på 182 netto registertonn og har ein toppfart på 12,6 knop. Lengda er på 38 m, breidda 6 m. Båten er av dei første Fjordbussane som trafikkerte Vestlandsfjordane. M/S Midthordland gjekk ut av rutefart i 1970 og vart då seld til utlandet.

Båten vart kjøpt attende til Bjørnafjorden i 1995 av ei lokal stifting. Seinare er båten overteken av eit nytt aksjeselskap. Båten er i dag i bruk til blåturar og kulturturar i fjordane kring Bergen.

Sidan heimkjøpet er båten måla i dei gamle MDS-fargane, masta med lastebom er kome på plass og ein har byrja restaureringa av båten. Drifta av båten krev store ressursar og mykje frivillig innsats. Truleg står ein framfor store økonomiske løft skal ein makta å halda båten i god teknisk stand samstundes som ein skal tilbakeføra noko av interiøret til det opphavlege. «Midthordland» står på Riksantikvaren si liste over verneverdige skip.

Eigar: Det Midthordlandske Dampskipsselskap A/S

### 2.3.2 Kulturminne i sjø

Maritime kulturminne i sjø kan vera skipsvrak, gjenstandar som stammar frå skip, ballaststein m.m. Alle slike minne som er eldre enn 100 år er automatisk freda. Alle gjenstandsfunn er staten sin eigedom så sant ein ikkje er den opphavlege eigar. Det er registrert få funn i Fusa. Likevel er det sannsynleg at det skjuler seg funn kring dei gamle handels- og gjestgjevarstadene, utskipingshamner for tømmer eller gamle naustmiljø. Slike funn kan gje verdifull historisk kunnskap og supplera opplysningar ein har frå skriftlege kjelder. Bergens Sjøfartsmuseum har forvaltningsmynde for maritime kulturminne i sjø, og alle funn skal rapporterast dit.

## 2.4 HANDVERK OG HUSFLID

I Fusa har det gjennom tidene vore eit mangfald av teknikkar og fag som det har vore drive aktivt med lokalt. Fusa er rekna for å vera ei bygd med gode handverks- og husflidstradisjonar. Det har opp gjennom tidene vorte produsert både til heimebruk og til sal eller byte. Produksjonen tok seg mykje opp i andre halvdel av 1800-talet og framimot århundreskiftet. Produkta vart då selde til den lokale marknaden, til regionen og vidare ut. Innan bygningshandverka vart det også gode tider i denne perioden, då dei betra kommunikasjonane med byen gjorde det mogleg å arbeida i ein større marknad.

Når det gjeld husflid av meir allmenn karakter, knytt til levemåten i det førindustrialiserte samfunnet, er det vel naturleg at eit musealt arbeid med dette er knytt til verksemda ved Hordamuseet.

I ein kulturvernplan for Fusa kommune ville det vore naturleg at følgjande kategoriar produkt hadde vore særskild handsama:

- lokale bunader
- vevnader
- trearbeid
- bygningsfaga

### 2.4.1 Lokale bunader

Fusa husflidslag tok initiativ til ei registrering av gamle bunadsdeler i perioden 1992-1995. Ei eiga bunadsnemnd hadde ansvaret for arbeidet. Over 1.000 bunadsdeler er i dag registrerte og dokumenterte. Dette arbeidet er gjort under rettleiing av Norges bunad- og folkedraktråd på Fagernes. Ein har fått eit stort materiale frå ulike tidsperiodar. Når ein så gjekk i gang med arbeidet med å rekonstruera ein bunad, valde ein å satsa på tidsperioden 1830-40 åra. Før ein får ei ferdig og komplett drakt har det vore omfattande arbeid med prøvesying av dei ulike delane. Dette har teke mykje tid og kravd store ressursar hjå dei som har vore involverte. I det heile har det vore ein lang veg å byggja opp den naudsynte kompetansen som skal til for å produsera drakta på ein fagleg forsvarleg måte.

Else Bodil Gjørn, som har stått i bresjen for å få bunaden i produksjon, melder om stor interesse både i og utanfor Fusa. Det er ei drakt som vert lagt merke til og som skil seg ut. Erfaringar frå andre plassar tilseier at bunadsproduksjon er ei næring i tillegg til å vera ein kulturberar. Truleg vil Fusa-bunaden kunna skapa nye arbeidsplassar i kommunen, og gje arbeid til underleverandørar.

Skal ein lukkast med å få innpass på marknaden med drakta, må ein få fram ei komplett drakt som kan setjast i produksjon. Med 25-30 ulike plagg berre til kvinnedrakta, seier det seg sjølv at dette er eit stort løft når alt skal rekonstruerast og prøvast ut i minste detalj, pietetsfullt og korrekt. Næringsetablerarar innan bunadsproduksjon er i ein konkurransesituasjon, særleg i høve til liknande etableringar i Os. Den nye Os-bunaden har mange fellestrekk med Fusa-tradisjonen. Dei lokale produsentane må så langt råd hjelpast fram økonomisk, slik at Fusa-

drakta snart kan vera på marknaden. Dette kan bli avgjerande for kva bunad som vinn fram i marknaden.

## 2.4.2 Veving

I det gamle naturalhushaldet vart det kringom på gardane laga klede og andre tekstilar både til kvardag og fest. Vevstolen var i sving heile vintrane. Flatveven har vore den dominerande vevtypen i vårt århundre, men særleg i Øvre Hålandsdalen har ein heilt fram til i dag nytta oppstadvev eller «oppstadgogn». Den historiske bakgrunnen for den spesielle oppstadveven i Fusa kan me ikkje koma inn på her, men det er tydeleg at ein har med ein yngre tradisjon å gjera enn i Fitjar. Bruk av oppstadvev er ein tradisjon som går 3000 år attende i tid, særleg oppstadveven i Fitjar har særskilde trekk.

Flatvev og oppstadvev har vorte nytta om ein annan. Veving vore ein kvinneaktivitet nært knytt til ein tradisjonell brukskultur. Me har tidlege spor etter åkle som «kyrkjekunst». I Bjørgynjar Kalfskinn står det ei inventarliste frå den gamle stavkyrkja på Holdhus. Denne var prydd eller «tjelda» med dekorerte dukar og einsfarga undertjeld. Denne brukskulturen minner mykje om den bruken av åkle som ein har sett heilt fram til i dag, der åkle har vore nytta til veggpryd og isolasjon i stovene, i tillegg til å vera dekorative og lunande sengeteppe. Det har vorte produsert for eige bruk, t.d. utstyrskister for giftarmål. I periodar har det også vore større produksjon for sal. I mellomkrigstida vevde t.d. søstrene Magdele og Andrine Bolstad for sal. I seinare år har Gudrun Bolstad (f. 1915) fått mange tingingar utanfrå, ikkje minst etter at ho i 1995 var med og vevte på utstillinga «Fortida omkring oss» på Vestbanen i Oslo. Astrid Rød fekk i 1995 eit Bygdeutviklings-tilskot for etablera ei attåtning med veving og bunadssaum attåt gardsarbeidet. Ho nyttar flatvev og vev m.a. åkle og løparar.

Gudrun Bolstad har også hatt kurs i veving på «oppstøstol» tidleg på 1970-talet. Då lærde fleire seg kunsten og fekk bygd seg oppstadvevar. Likevel kan ein i dag ikkje seia at det er nokon som driv med oppstadvev som næring. Det er ei fåre for tradisjonen at vevinga berre vert ein hobby. For å halda vedlike teknikken og å utvikla vevinga vidare på eit høgt handverksnivå krev det tid, meir tid enn det ein kan makta med ein hobbyaktivitet.


Skal ein få nokon til å satsa på vevinga krev det både interesse, kunnskap om tradisjonen og ei nøktern vurdering av økonomien i handverket. Dette krev igjen innsats på tre ulike felt

- registrering og dokumentasjon av arbeidsprosess og teknikkar + gamle mønster
- formidling av tradisjonen gjennom utstillingar og kurs
- ei eiga utgreiing av næringspotensiale ved nyetablering

I vidareføringa av desse ideane er det naturleg at kulturkontoret samarbeider med dei lokale tradisjonsberarane, Husflidskonsulenten i Hordaland, Handverksregisteret og Bjørnefjorden Næringsutvikling.

## 2.4.3 Trearbeid

Handverk med arbeid i tre som båtbygging, treskograving, skafteproduksjon, bøkring, dreining, treskjering m.m har vore viktig attåtnæringar. Mange av desse teknikkane er ute av bruk i dag.



*Ill. Bernt Kristiansen*

Gamle teknikkar som er i bruk må dokumenterast. Skafteproduksjon er t.d. eit handverk som er på veg ut, men som framleis er ei attåtnæring for gardsbruk i Fusa, m.a. på Berland og Dalland. I dette arbeidet er det naturleg å samarbeida med det nasjonale handverksregisteret. I tillegg til å registrera tradisjonsberarar innan ulike fag i ein database, driv handverksregisteret også med dokumentasjon av «truga» handverkstradisjonar, og kan hjelpa fram tiltak for å vidareføra tradisjonar til nye generasjonar av handverkarar.

Bøkkarhandverket har vore ei stor næring i Fusa. Så seint som på midten av 1980-talet vart det produsert omlag 100.000 tønner. Sjølv om produksjonen i seinare år har gått mykje attende er bøkring framleis ei levedyktig næring og nye generasjonar lærer seg kunsten.

#### **2.4.4 Bygningsfaga**

Når det gjeld bygningsfaga, har dette med å ta vare på gamle bygningshandverk vore eit satsingsfelt innan kulturminnevernet dei siste åra. I Hordaland har fylkeskonservatoren engasjert seg sterkt i arbeidet med å vidareføra bygningshandverk som er verdifulle for restaurering av eldre hus. Arbeidsmarknadstiltak har hatt ein slik effekt, særleg der ein har fått fagleg spesialisering av tømrrarar i tradisjonelle byggjemåtar. I 1997 vart det gjennomført eit helletekkingskurs i regi av Stiftinga Vinnesholmen. Kurset var populært og syner at det er trong for liknande kurs retta mot lokale handverkarar og eigarar av eldre hus.



## 2.5 IMMATERIELL KULTUR

Kulturminna har vore dei mest påakta delane av kulturarven vår. Lokal kultur og tradisjon er mykje meir enn dei faste fysiske omgjevnader av ting og bygningar. Den immaterielle kulturen omfattar alt frå folketru til dansetradisjonar, humor, forteljartradisjonar, folkemusikk, dialekt m.m. Mykje av denne kulturen har endra seg mykje dei siste 100 åra og mykje av kunnskapen og kulturen har gått bort med menneska som bar han. Det å ta vare på slik kunnskap er vanskeleg. Bruken av stadnamn er eit døme på dette. Namn var i bruk fordi det var ein del av kvardagen. Når kvardagen har endra karakter, har også bruken av stadnamna gått ut av bruk. Sjølv om dei er innteikna på kart i ei registrering av stadnamn, er brukskulturen borte og orda i hovuda til menneska med han.

«Når en gammel mann i Afrika dør, forsvinner et helt bibliotek.»

Amadou Hampâté

Den immaterielle kulturen er i stadig endring. Nye generasjonar gjer nye erfaringar og sit med andre kunnskapar. Born leikar gamle leikar og kjem på nye. Noko kjem frå massemedia anna kan vera av lokalt opphav. Å sikra seg kunnskapar og dokumentasjon der ein får overlevert noko av desse erfaringane til seinare generasjonar, er ei stor oppgåve. I dag skjer det berre sporadisk gjennom studentoppgåver, intervju i massemedia, minneinnsamlingar for eldre o.l.

Frå det offentlege er det gjort nokre registreringar av t.d. stadnamn.

I planen vil me i denne omgang ta med fire område som har med vidareføring av tradisjonskulturen frå eldre tid å gjera.

### 2.5.1 Dialekt

Fusa-målet er i stadig endring. Frå generasjon til generasjon skjer eit gradvis skifte. Det er særleg Bergens-dialekten som påverkar dialekten i Fusa. Dialekten vert truleg også mykje påverka gjennom bruk av bokmål i media. Trass i at nynorsken står sterkt i Fusa-skulen er det stadig fleire som får vanskar med nynorsken. Ungdomsgranskinga som vart gjennomført hausten 1996, synte at mange Fusa-ungdomar helst brukar bokmål som privat skriftmål (28 % av jentene og 11 % av gutane). Anglofiseringa av talemålet og skriftspråket aukar også på. Det norske talemålet er i stadig endring og har truleg alltid vore det. Likevel ser ein i dag at endringane skjer fortare enn før og i takt med ei akselererande samfunnsutvikling med sentralisering og internasjonalisering som viktige trendar.

Det å halda på dialekten har truleg mykje med lokal identitet å gjera. Å vera fusing har ikkje nokon høg status når ein kjem utom kommunen. I følgje granskinga seier 47 % av jentene at dei stundom endrar dialekten sin. Det gjer det kanskje vanskeleg å halda på målet. Større medvit om dialektbruk kan kanskje endra noko på dette biletet. Ungdomane seier sjølve at det er viktig å halda på dialekten, 52 % av gutane og 56 % av jentene svara positivt på dette.

Å snu den dialektutviklinga ein ser i dag, er ei stor oppgåve. Kanskje er det uråd. Større medvit om det lokale talemålet er likevel viktig. Eit lokalt målføre er ein ressurs og ei

skattkiste. Ved å setja dialektbruk og ord/språkarv på dagsorden kan ein i beste fall påverka dialektbruken.

Lars Holdhus sitt arbeid med innsamling av ord og uttrykk er eit godt tiltak. Ein slik dokumentasjon er ei verdifull kulturhistorisk registrering som bør få ei sentral plassering i lokalhistorisk arkiv. Når dette materialet vert gjeve ut i bokform vert det ein ressursbank, særleg for skuleverket. Utan tvil er skulen den viktigaste arenaen for haldningsskaping når det gjeld talemålet. Det vert ei utfordring å integrera denne typen problemstillingar i norskfaget. Lokalavisa er ein annan viktig aktør på språkområdet. Avisa har mykje å seie for å halda på nynorsk som bruksspråk både blant unge og vaksne.

### **2.5.2 Folkemusikk**

Fusa har tidlegare hatt ein levande folkemusikktradisjon, men det vert misvisande å snakka om ein lokal tradisjon. Musikk har vorte formidla på tvers av bygdelaga. Musikktradisjonane i Fusa har difor henta impulsar og vore nærskyld til dei andre Midthordlands-bygdene og Hardanger og Voss. I Fusa har ein hatt spelemenn, tamburar og songtradisjonar med tradisjonsberarar heilt fram til vår tid. Likevel står tradisjonsmusikken svakt i dag samanlikna med for 100 år sidan.

Folkemusikkgranskar Arne Bjørndal meiner at få bygdelag har hatt ein så sterk tamburtradisjon som Fusa. Særleg var det mange dugande tamburar i Hålandsdalen. Denne tradisjonen hadde si glanstid fram mot 1870-talet. Fram til 1920 vart trommeslåttar mykje nytta i bryllaup. I dag vert trommeslåttane henta fram att både i Fusa og i andre bygdelag.

Hardingfela har også hatt mange dugande spelemenn i Fusa. Dei mest kjende av desse var Hans Torbjørnson Bjørndal (1826-1910) frå Hålandsdalen, Nils Endresen Gilahaugen (1828-1895) frå Strandvik og Anders Jonsen Berge (1826-1905) frå Hålandsdalen, men busett på Sævareid. Det var spelemenn i alle bygdelag i Fusa. I dag er Gunnvald Kolle (f.1926) den fremste spelemannen som står trygt i tradisjonen for hardingfelemusikk i Fusa.

Song har også vore ei viktig uttrykksform, men denne tradisjonen er så godt som borte.

Heldigvis har det vorte gjort mykje dokumentasjonsarbeid på folkemusikk i Fusa. M.a. har Arne Bjørndal (ikkje frå Fusa) samla inn både hardingfelemusikk og songtradisjonar. I seinare tid har Arne Bjørndals Samlingar gjort opptak av Gunnvald Kolle. Johannes Sundvor har nedteikna trommeslåttar og har etterlate seg eit unikt materiale. Sjølv om den tradisjonsberande utøvinga står svakt, har ein eit eineståande historisk materiale for framtida.

Musikkskulen vert i dag den viktigaste institusjonen for folkemusikken. Kan ein få rekruttert unge utøvarar og skapa eit miljø for tradisjonsmusikken, kan Fusa igjen få ein levande og sterk folkemusikktradisjon. Eit viktig tiltak her vil vera å få slåttetromma inn som instrument i musikkskulen.

Ein annan innfallsvinkel er å setja søkelyset på det tradisjonsmaterialet ein har i arkiva, t.d. gjennom eit seminar. Trommetradisjonen er vel den mest særmerkte i så måte.

### **2.5.3 Segner/eventyr/leik**

Det har vore rike forteljartradisjonar i bygdene våre. Th. Haukanæs sine innsamlingar særleg frå Hålandsdalen, er eit forvitneleg prov på dette. Segner og eventyr har vorte fortalde frå ein generasjon til neste. Diverre har mykje av denne forteljarkunsten falle bort.

I den grad det finst segner og eventyr som lever på folkemunne, men som ikkje er nedskrivne hastar det med å få dette gjort. Det som finst nedteikna bør vera systematisert og samla på folkebiblioteket.

Barnetradisjonar er eit eige felt som har vore lite påakta. Kva leikar borna, og kva leikar har born i Fusa leika opp gjennom tidene? På same måte som anna kultur er det sikkert henta inn impulsar utanfrå, men det gjer ikkje ein slik barnekultur mindre interessant og spennande. Det er i høgste grad råd å ta i bruk gamle «kunstar» og dermed gjera barnekulturen anno i dag rikare. Eit innsamlingsarbeid på barnekultur kunne med fordel vore utført av skulane og borna sjølve, men med hjelp frå kulturkontoret.

#### **2.5.4 Munnleg tradisjon/kunnskap**

Kunnskap om å bu og leva i Fusa er i svært liten grad nedteikna skriftleg. Kvardagsliv, arbeidsliv, folkeliv, oppvekst, lagnadar. Kunnskapen om det mangfaldige livet i Fusa finst i stor grad oppe i hovuda våre. Dette arkivet er skjørt og i høgste grad forgjengeleg. Om nokre tiår er det t.d. ingen som kan fortelja om eigne opplevingar under 2. verdskrigen. Kunnskapen om t.d. Sævareid fabrikkar vert fattig dersom me ikkje for ettertida har dei tilsette sine opplevingar og erfaringar i tillegg til fabrikkarkiva.

Dette seier oss noko om kor viktig det er å driva ei systematisk innsamling av minnestoff. Eit slikt innsamlingsarbeid er arbeidskrevjande og krev eit minimum av kunnskap om kvalitativ metode og intervjuetikk. Studentar frå kulturfag på høgskulenivå eller andre som får dei naudsynte kursa i metode kan utføra eit slikt arbeid. I Fusa er det håpa at ein kan få sett i gang med innsamlingsprosjekt i samband med utgjeving av ny bygdebok. I tillegg må ein oppmuntra særleg eldre fusingar til å skriva om sine erfaringar. «Fusa før i tio» kan vera ein god plass å få fram eit slikt minnestoff. Lokalavisa er også ein viktig formidlar av folk sine livssoger, gjennom portrett og lokalhistoriske artiklar.

Stadnamna er ein lokal kunnskap som ein har fått registrert ein stor del av i kommunen (sjå vedlegg 1). Dette materialet bør gjerast tilgjengeleg for publikum t.d. gjennom skuleverket slik at nye generasjonar kan få møta denne «ordarven i landskapet» som er i ferd med å gå ut av dagleg bruk.

## 2.6 MUSEUM

Eit hovudskilje i museumsvesenet går mellom musea med ansvar for kulturminne frå før år 1537, såkalla fornminne, og minne frå tida etter 1537, kulturminne frå nyare tid. Fornminne, både faste og lause, er freda med heimel i kulturminnelova. Arbeidet på dette området har vore sentralisert til dei historiske musea. Fornfunn frå Fusa ligg i samlingane i Bergen. Det er særleg når det gjeld informasjon og formidling av fornminna kommunen kan koma inn, som ein bindelekk mellom publikum og museum. Når det gjeld museumsformidling av lause fornminne, sjå pkt. 2.2.1.

Når det gjeld kulturminne etter reformasjonen, er ansvarstilhøva meir uklåre. Berre samiske minne eldre enn 100 år og kulturminne i sjø er her automatisk freda. Ei rekkje museum er i verksemd innan same felt, men på ulikt nivå og grad av spesialisering. Medan fornminne-samlingane i prinsippet har femna om alle ting, har musea frå nyare tid måtta velja å ta hand om einskildting som står i fare for å forsvinna. Det å verna ting ved å samla dei i museum har synt seg å vera særskildt kostesamt, og i dag er det ein tydeleg tendens til å konsentrera arbeidet om eksisterande samlingar i opphavlege miljø. På dette viset vert gjenstandsvernet i dag nært knytt til vern av bygningsmiljø og kulturlandskap.

### 2.6.1 Bygdetun

Til liks med dei fleste andre bygder har det også i Fusa vore eit ønskje om å etablere eit bygdetun eller bygdemuseum. Med etableringa av Hordaland landbruksmuseum, seinare Hordamuseet, i 1945 vart dette uaktuelt, sjølv om ideen om bygdetun i Fusa har vore framme i ulike fora etter dette.

Det næraste ein kjem bygdemuseum i dag er den bygningshistoriske avdelinga ved Hålandsdal fjellstue. På leirskulen har ein samla bygningar frå andre stader i kommunen, restaurert desse og utstyrt dei for pedagogisk bruk. Leirskulen og det historiske miljøet dei har bygd opp på eigedomen er i liten grad nytta av folk i Fusa og skuleverket i Fusa.

Skuleverket i Fusa bør saman med leirskulen vurderer om det er råd å utvikla eit samarbeid der skuleborn frå Fusa også kan nyttiggjera seg bygningar og historisk kompetanse som er bygd opp på leirskulen. Hålandsdalen fjellstue er utan tvil ein stor ressurs for miljøundervisninga i Fusa-skulen.

### 2.6.2 Hordamuseet

Hordamuseet vart skipa i 1945 og heitte då Hordaland landbruksmuseum. Hordamuseet er distriktsmuseum for Nord- og Midthordland. Fusa kommune har vore representert med utsending til årsmøtet for Hordamuseet. Denne ordninga fell truleg bort, då det er teke initiativ til å gjera museet til ei sjølvstendig stifting med styret som øvste styrande organ. Museet er bygd opp om ei gjenstandssamling og ei bygningshistorisk avdeling med tilflytte hus. Museet har ein ny eldfast bygning til utstillingar, museumsmagasin og kontor. I 1988 etablerte Hordaland teater seg same stad.

Hordamuseet har satsa store ressursar på å byggja opp eit fysisk miljø på Stend som kan gje eit bilete på den kulturelle variasjonen i Nord- og Midthordlandsbygdene. Frå Midthordland er det eit klyngjetun med hus frå Fusa:

- eldhus, vedskykkje og stabbur frå Opsal gnr/bnr 34/1
- rotstove og bualoft frå Dale 16/2
- stove frå Holmefjord 13/2

I tillegg har museet ei krambu «Holsundhuset» frå Holsund. Dette huset har vore både tingstove, krambu, gjestgjevarstad og bakeri m.m.

Museet har drive mykje med utstillingsverksemd. Det har vore permanente utstillingar i nybygget, men desse vert no flytta ut i meir autentiske bygningsmiljø.

Hordamuseet har med sin organisasjon, både administrativt og praktisk, dei beste føresetnader til å arbeida musealt med viktige tema i den lokale og regionale kultursoga. Hordamuseet har ressursar til å ta på seg oppgåver som kvar einskild kommune vanskeleg kan gjera noko med på eiga hand. Museet kan hjelpa til med råd og rettleiing ved ivaretaking av hus og gjenstander.

Hordamuseet er rette instansen å kontakta når det er snakk om vern av lause kulturminne frå tida etter år 1537. Strengt krav til lagringstilhøve og manglande kapasitet har gjort det naudsynt for museet å vurdera nøye kva ein kan ta i mot. Om ikkje museet kan ta imot tinga, vil fagfolk her gje rettleiing og eventuelt syna til andre museum.

### **2.6.3 Holdhus skulemuseum**

Gamle Holdhus skule vart bygd i 1875 og var i bruk som skule til 1956. Bygningen var så i fleire år på private hender. Fusa kommune kjøpte bygningen i 1981 (K-sak 25/81) og kommunestyret gjorde i 1983 vedtak om å setja huset i stand til bruk som skulemuseum. Skulemuseumet vart formelt skipa i 1986 med eige styre. Styret hadde status som underutval under kulturstyret. Ved endring av styringsstrukturen i Fusa vart styrefunksjonen lagt direkte til kulturstyret. Kulturkontoret har det administrative ansvaret for museet.

Museet har blitt tilført innbu frå andre skular i kommunen og gjev eit bilete på korleis skulestovene var utstyrte kring århundreskiftet. Det er gjort registreringar av gammalt innbu som finst på andre skular i Fusa, og med fordel kunne fleire av desse tinga funne sin plass i skulemuseumet. Då kunne fleire ha fått glede av tinga og dei hadde vorte nytta i ein god pedagogisk samanheng.

Museet inngår i det pedagogiske opplegget ved Hålandsdalen fjellstue som er ein storbrukar. Skuleverket i Fusa nyttar skulemuseumet i liten grad. Det er å ønskja at skuleelevar hadde fått eit besøk på Holdhus i løpet av skuletida, og dette tilbodet burde vera med som ein «stoppestad» i miljølæreplanane kringom på skulane.

Museet er ope for publikum om sommaren i eit samarbeid med Fortidsminneforeningen si omvisarteneste for Holdhus kyrkje. Dette samarbeidet må utviklast vidare. Ei hastesak er å få ordna arbeidstilhøve for omvisar og turvande toalett for publikum. Dette siste er heilt

naudsynt når ein skal ta imot større grupper, anten det er skuleklassar eller turistgrupper. Eit eige bygg med servicefunksjonar kunne også opna for nye tenester, m.a. informasjon om andre attraksjonar og kulturtradisjonar i Fusa. Dette er ei sak som må løysast i samarbeid mellom Fusa kommune og Fortidsminneforeningen.

#### **2.6.4 Private samlingar**

På mange gardsbruk kringom i kommunen er det store samlingar av gjenstandar. Svært få av desse samlingane er ordna og systematiserte. Ofte ligg ting dårleg lagra. Eit anna stort problem er at kunnskapen om tinga også er forgjengeleg med menneska rundt dei. Der samlingane er store og av høg historisk verdi må ein vurderer å etablere museumssamlingar, d.v.s. samlingar som er registrerte, dokumenterte og ordna under forsvarlege lagringstilhøve.

##### Gardsmuseum i Djupvik

Ragnhild Bjørke og Magne Gjuvsland har bygd opp eit gardsmuseum i «gamlastovo» på bruket. Det er ei variert samling med innbu og utstyr som har vore nytta både «innomstokks og utomstokks». Samlinga er registrert og dokumentert og har vel 350 gjenstandar.

##### Eidegrend klyngjetun

I husa på Eidegrend er det samla uvanleg mykje innbu og utstyr. Tinga er ordna, men ikkje registrerte og dokumenterte.

#### **2.6.5 Andre museumstiltak**

I samband med vern av bygningar som ikkje lenger er i bruk, er det i fleire høve naturleg å tenkja seg ny bruk til museumsføremål. Bruken av Holdhus kyrkje er eit døme på dette. Med etableringa av omvisartenesta vert denne kyrkja eit slags kyrkje-museum (sjå elles 2.1.3-B).

På 1990-talet har ein fått restaurert fleire bygningsmiljø både i privat og kommunal eiga. Det er fullt mogeleg å byggja opp gjenstandssamlingar på t.d. Vinnesholmen eller Fusa gamle prestegard slik at stadane også kan ha ein museumsfunksjon. Ein må då vera sikra at ein får ein fagleg forsvarleg standard slik at t.d. gjenstander som kjem til, vert registrerte og merkte.

Bøkkarhandverket har vore ei stor verksemd i Fusa. Det står mange verkstader som er ute av bruk, og dermed mykje verktøy og maskiner. Dersom det skulle høva seg slik at ein fekk tilbod om eit lokale og ein verkstad, må ein vurderer om ein ikkje skal etablere ei museumssamling for bøkkarhandverket.

Sævareid papp- og kartongfabrikk vart nedlagd i 1977. Dei noverande eigarane har samla gjenstander frå fabrikktida og det er løyvd pengar frå Fusa kommune for å systematisere tinga. Om ei slik samling skal gjerast tilgjengeleg for publikum er ei anna sak. Å etablere eit industrimuseum i Sævareid synest uaktuelt. Fabrikksgoa er så sentral i utviklinga av det moderne Fusa (og tidlegare Strandvik herad) at ein likevel skulle fått til eit opplegg for formidling på staden. Kanskje kan dette gjerast som ei kulturløype i Sævareid sentrum med skilt og informasjonstavler?

## 2.7 KONKLUSJONAR

- Kommunen må så langt råd er spela ei aktiv rolle i arbeidet med å verna om dei høgast prioriterte kulturminna i kommunen. Desse minna bør på sikt sikrast ved formelt vern der dette er naudsynt.
- Når det gjeld fordeling av kulturvernmidlar etter søknad, skal privateigde bygningar listeførte som A-minne ha prioritet føre andre kulturminne som ikkje er prioriterte i planen. Bygningar og anlegg som står i kulturlandskap og kulturminnemiljø prioriterte i denne planen, skal vera jamstelte med einskildobjekta.
- Der kulturminne prioriterte i denne planen er truga skal ein om naudsynt vurderer formelle vernetiltak. Innanfor regulerte område skal desse kulturminna setjast av til verneområde med særskilde føresegner.
- Når det gjeld andre verneverdige bygningar, er det særleg i form av informasjon og rettleiing at ein frå kommunen si side kan vera med og få ei god vidareføring av det historiske bygningsmiljøet.
- I vernet av lause kulturminne er det naturleg å konsentrera vernearbeidet om dei lokale husflids- og handverksprodukta som har vore typiske for Fusa. Det må også vera ei kommunal oppgåve å arbeida for vern av andre gjenstandar med spesiell lokalhistorisk tilknytning og verdi.
- Kommunen må saman med lag og organisasjonar prøva å laga utstillingar der lokal husflid og handverk vert presentert.
- Museumsvern er aktuelt for særleg verneverdige ting eller samlingar av ting. I den grad det er mogeleg må slike ting sikrast i lokale samlingar av gjenstandar eller i tilknytning til museumsinstitusjonar det er naturleg å samarbeida med.
- Hordamuseet er å sjå på som bygdemuseum for Fusa. Fusa bør ta aktivt del i utviklinga av museet og bruka dei tenestene/tilboda museet har. Hordamuseet må trekkjast inn i lokale saker, i den grad det er naturleg, slik at Hordamuseet ikkje berre vert eit museum på Stend, men også i Fusa og for fusingar.

DEL 3  
HANDLINGSPROGRAM 1998-2001



## STRATEGI 1 Fusa kommune skal styrka og kvalitetssikra kommunalt kulturvernarbeid

(Rekkjefølgja er ikkje prioritert)

		Ansvarleg etat	Tidsplan	Kommunal løyving
Tiltak 1	<u>Retningsliner for kulturverntilskot</u> Det skal utarbeidast retningsliner for kommunale kulturverntilskot som m.a. gjer at ein får kvalitetssikra arbeid på verneverdige kulturminne og anlegg, samstundes som ein tryggjer at kommunale løyvingar vert nytta i tråd med intensjonane.	Kulturkontoret	1998	
Tiltak 2	<u>Oppfølging av Sefrak</u> Det vert etablert eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune for oppfølging av Sefrak med kontroll og evaluering av verneverdi for kvart kultuyrminne. Kostnaden skal delast likt mellom kommune og fylke.	Kulturkontoret	2001	

**Strategi 2: Fusa kommune skal gjennomføra formelle og praktisk vernetilak**

(Rekkjefølgja er ikkje prioritert)

		<b>Ansvarleg etat</b>	<b>Tidsplan</b>	<b>Kommunal løyving</b>
Tiltak 3	<u>Reguleringsplan for Vinnesholmen</u> Det skal lagast reguleringsplan for Vinnesholmen. Det må vera ein føresetnad at planen får formulert føresegner som sikrar vern av bygningsmiljø og kulturlandskap på Vinnesholmen.	Teknisk etat	1998	
Tiltak 4	<u>Kurs i gamle handverksteknikkar</u> Helletekkingskurser som vart gjennomført i 1997 og 1998, synte at det er interesse og trong for slike kompetansegejvande kurs. Dette arbeidet må førast vidare 1998. I tillegg til tak kan det vera aktuelt å gje opplæring i lafting, bygging av grindeverk, tørrmuring m.m. Kurs i oppstadvev er også aktuelt.	Kulturkontoret/ landbrukskontoret	1998-2001	
Tiltak 5	<u>Dokumentasjon av bøkkehandverket</u> Handverksregisteret på Maihaugen har teke initiativ til å få dokumentert handverksteknikkar i bøkkefaget.	Kulturkontoret	1998-1999	
Tiltak 6	<u>Dokumentasjon av oppstadvevtradisjonen</u> Handverksteknikkane i samband med veving på oppstadvev må dokumenterast. Gudrun Bolstad f. 1915 er den beste tradisjonsberaren i dag og ein må sikra seg at hennar kunnskapar vert ført vidare. Eit dokumentasjonsarbeid må etablerast i samarbeid med handverksregisteret.	Kulturkontoret	1999	
Tiltak 7	<u>Alternativ bruk av Fusa gamle prestegard, «Rosenlund»</u> Det skal greiast ut ein stiftingsmodell for framtidig organisering og drift av den kommunale eigedommen «Rosenlund». Framtidig bruk og drift skal ta omsyn til at eigedommen er fredda, og skal vera basert på ei løysing som sikrar offentleg bruk og tilgjenge i eit langsiktig tidsperspektiv.	Kulturkontoret	1999	100.000
Tiltak 8	<u>Sikringstiltak ved helleristningsfelt på Samnøy</u> Fusa kommune er pålagt å sikra helleristningsfeltet på Samnøy før ein	Kulturkontoret	1998	

	kan gå vidare med å leggja feltet til rette for ferdsel. Det må utarbeidast tekniske løysingar i nært samarbeid med Fylkeskonservatoren og grunneigaren
--	---

Tiltak 9	<u>Restaurering av naustrekkje i Strandvik</u> Reguleringsplanen for naustområdet ved Strandvik sentrum bør følgjast opp med eit vøleprosjekt for dei verneverdige nausta som treng strakstiltak. Det må vera ein føresetnad at ein får til eit spleiselag der grunneigar, kommune, BU-fond og fylkeskommune vert med.	kulturkontoret/ landbrukskontoret	1998-2001	
Tiltak 10	<u>Vern av gravminne</u> Samarbeidet mellom kulturkontoret og kyrkekontoret om vern og restaurering av gravminne vert vidareført.	kulturkontoret/ kyrkekontort	1998-2001	
Tiltak 11	<u>Adopsjon av kulturminne - Agenda 21</u> Skulane i Fusa vert utfordra til å adoptera eit kulturminne i nærmiljøet dei kan vera med å skjøtta og halda i hevd. Særleg aktuelt for kulturminnemiljø og kulturlandskap.	kulturkontoret/ skulekontoret	1998-2001	
Tiltak 12	<u>Tiltaksplan for sveitserhus</u> Det vert etablert eit eige prosjekt for å få fram gode tiltak kan fremje pleie og vern av sveitserhus på strekninga Fusa-Vinnes. Tiltaket vil ha overføringsverdi også for andre område i kommunen.	kulturkontoret/ landbrukskontoret/ teknisk etat	2000-2001	
Tiltak 13	<u>Byggeskikkpris for Fusa</u> Det må etablerast ein byggeskikkpris for Fusa. Prisen skal stimulera til riktig restaurering av verneverdige hus og bygging av nye hus i tråd med god byggeskikk. Nærare retningslinjer må lagast.	kulturkontoret/ miljøvernleiar/ teknisk etat		

### Strategi 3: Fusa kommune skal ha ein aktiv og kreativ kulturformidling i kulturvernarbeidet.

		Ansvarleg etat	Tidsplan	Kommunal løyving
Tiltak 14	<u>Utgjeving av bok med ord og uttrykk frå Fusa</u> Det har lenge vore planar om å gje ut ei bok med ord og uttrykk samla	Kulturkontoret	1998	

	inn av Lars Holdhus. Ei slik utgjeving vil vera viktig for undervisning og kunnskap om lokal dialekt og kultur.
--	---

Tiltak 15	<u>Trommeopplæring i musikkskulen</u> Det må etablerast opplæring på slåttetromme i musikkskulen for å sikra rekruttering og å styrkja tradisjonen	Skulekontoret	1998/1999	
Tiltak 16	<u>Bibliotek som kompetansesenter</u> Det finst mykje tilgjengeleg litteratur og filmar på video om handverksteknikkar, byggeskikk og kulturtradisjonar. Biblioteket bør vera eit ressurs- og kompetansesenter for innhenting av informasjon på dette feltet både for skuleverket og for folk flest.	Fusa folkebibliotek		
Tiltak 17	<u>Lokalhistorisk arkiv (LHA)</u> I samband med bygdebokarbeidet må ein etablere LHA med rutinar og arkivsystem. For at arkivet skal vera brukarvenleg må ein ta i bruk i datateknologi med scanning av dokument/foto og internett.	Kulturkontoret	1998-2001	
Tiltak 18	<u>Registrering av lokale handverkarar</u> Handverksregisteret på Maihaugen har eit nasjonalt register over handverkarar i tradisjonelle fag. Det er svært få registrert frå Fusa	Kulturkontoret	1998	
Tiltak 19	<u>Seminar om byggeskikk</u> For å auka kunnskapen og forståinga for lokal byggeskikk, må det skipast til eit seminar for sakshandsamarar, lokale utbyggjarar og trelastfirma.	Kulturkontoret/ miljøvernleiar/ teknisk etat	1999	
Tiltak 20	<u>Ny allmenn soge for Fusa</u> Fusa kommunestyre gjorde i sak 66/97 vedtak om å starta opp arbeidet med ny bygdebok. Boka skal bli eit kulturhistorisk verk om Fusa dei siste 100 åra. Bok-prosjektet er tenkt utvida til også å omfatta ein digitalisert versjon lagt ut på internett og knytt opp til den digitaliserte delen av eit nytt lokalhistorisk arkiv (sjå tiltak 4).	Kulturkontoret/ redaksjonsnemnda	1997-2001	1.950.000
Tiltak 21	<u>Informasjon og skilting ved kulturminne</u> Det må utarbeidast eit einskapleg system for informasjon og skilting ved kulturminne. I utgangspunktet bør alle kulturminne, kulturminnemiljø og	Kulturkontoret	1998-2001	

	kulturlandskap som i planen er klassifiserte som særleg verneverdige, skiltast. Det same gjeld eit utval av dei freda kulturminna/fornminna.
--	--

Tiltak 22	<u>Servicebygg ved Holdhus kyrkje/ skulemuseet</u> Det må byggjast eit servicebygg som kan gje haldbare arbeidsforhold for dei tilsette og eit betre tilbod for publikum. Det må først lagast eit forprosjekt i samarbeid med grunneigar og Fortidsminneforeningen.	Kulturkontoret	1998-2001	
Tiltak 23	<u>Prosjekt «Koldalselva»</u> Det bør greiast ut planar og setjast i verk tiltak for å gjera kulturhistoria og naturkvalitetane ved Koldalselva tilgjengeleg for ålmenta.	Kulturkontoret/ landbrukskontoret	1998/1999	
Tiltak 24	<u>Kystkultur dagar</u> Etter modell av torgdagen i Bergen bør ein få til årlege kystkultur dagar i kommunen som kan vitalisera dei mange sjøbruks- og handelsstadane i kommunen. Arrangementa kunne gå på omgang mellom bygdelaga. Ein variant kan vera å få til eit samarbeid med dei andre Bjørnefjordskommunane.	Kulturkontoret	1998-2001	
Tiltak 25	<u>Kikedalen - eit 650 års minne</u> I 1999 er det 650 år sidan svartedauden braut inn over landet. Kikedalen er i følge tradisjonen ein øydegard frå pesten sine herjingar. 650-års minnet er eit godt høve til å setja Kikedalen i eit ekstra fokus. Det vil høva å få på plass eit godt informasjonsopplegg om Kikedalen som kulturminne og dessutan laga eit større kulturarrangement i dalføret dette året.	Kulturkontoret/ eigen komité	1999	
Tiltak 26	<u>Lokale veg- og stadnamn</u> Det må etablerast rutinar for å gje nye og gamle vegar gode lokale namn. Det må stimulerast til å skilta med namn også i mindre grender noko som vil gjera det lettare å finna fram, samstundes som lokale stadnamnstradisjonar vert oppretthaldne.	Teknisk etat/ kulturkontoret	1998-2001	



## LITTERATURLISTE

- Brekke, Nils Georg (red): Kulturhistorisk vegbok, Bergen 1993
- Brekke, Nils Georg: Byggeskikk i Hordaland, kompendium, Fylkeskonservatoren 1993
- Enerstvedt, Åse: Huset; bustad, arbeidstad, Hordamuseet 1995
- Engevik, Anders Kåre: Fjell og fjord, Sævareidfjorden ungdomslag 1994
- Fett, Per: Fusa prestegjeld, Førhistoriske minne i Nord- og Midthordland, Hefte 1, Historisk museum UiB, Bergen 1955
- Fortida ikring oss: brosjyre frå utstilling på Vestbanen i Oslo 1995
- Fusa før i tio: årsskrift, Fusa kulturminnelag 1986-1992
- Fylkesdelplan 1997 - Kulturminne (utkast)
- Hovudrapport Fusa generalplan 1980-1987, Fusa 1979
- Jubileumsskrift «Hålandsdal kyrkje 100 år», Hålandsdal sokneråd 1990
- Håndverksregisteret - Prinsipp og problemstillingar i dokumentasjonsarbeid knytt til handverk, Maihaugen 1996
- Indrelid, Svein: Strilesoga, Bind 1, Eide forlag 1996
- «Fusa mot år 2000 - Kommuneplan langsiktig del», Fusa 1995
- Munksgaard, Svein: «Gamle handels- og gjestgiversteder på Vestlandet», Del 2 Midtre- og indre Hordaland, Fylkeskonservatoren 1975
- Rapport om topografisk-arkeologisk registrering for det økonomiske kartverket - Fusa kommune, Historisk museum 1986
- Sjøbruksmiljø i Fusa - Prøveprosjekt for miljøregistrering innanfor Sefrak, Fylkeskonservatoren 1986
- Skaathun, Olav B. (red): Soga for Fusa, bind 1-4, 1961-1967
- Skåtun, Knut: «Nesjaheimen» 25 år, Vinnes 1987
- Vangsnes, Ella Marie B.: «Verda inn over dørstokken. Krigsminne frå Fusa», Friske tankar, Øystese 1995
- Verdifulle kulturlandskap i Norge - Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap, sluttrapport, Miljøverndepartementet 1994
- Vårt skapende mangfold: Rapport fra verdenskommissjonen for kultur og utvikling, UNESCO publishing 1996

## Vedlegg 1

### **KJELDER TIL KUNNSKAP OM KULTURMINNE**

Det er ei rekkje ulike kjelder som kan gje kunnskap om kulturminne og kulturtradisjonar. Det er skriftlege kjelder som arkivmateriale, t.d. i Riksarkivet, Statsarkivet, kommunearkivet og Lokalhistorisk arkiv, Fusa. Ei anna viktig kjelde til kunnskap er munnleg tradisjonsstoff. Kva folk veit og «håttar», men som ikkje er nedskrive.

Utover det som i dag er kjend og tilgjengeleg materiale, vil framtidige planmessige tiltak i stor grad byggja på vitskaplege og faglege registreringar. Dei mest sentrale registreringane vert dei landsomfemnande registreringane av faste kulturminne.

Den topografisk-arkeologiske registreringa tek for seg alle faste kulturminne frå før 1537. Alle faste fornminne skal vera kartfesta i det økonomiske kartverket. Dette arbeidet er ferdig for Fusa kommune.

Registreringa av faste kulturminne frå nyare tid, Sefrak (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne), er slutført for Fusa kommune. Materialet er oversend Fylkeskonservatoren i Hordaland for vidare handsaming. Registreringane skal gjerast tilgjengelege frå database gjennom NIT (Norsk informasjons teknologi AS). Inneheld eit omfattande fotomateriale.

Det finst ei rekkje andre registreringar og samlingar med interessant historisk materiale, sjå nedanfor.

#### ULIKE REGISTRERINGAR/ ARKIV

Riksantikvaren - **registrering av einskilde anlegg**. Oppmåling og fotografering. Riksantikvarens arkiv, Oslo.

Fylkeskonservatoren - **fotografisk materiale** frå synfaringar. Fylkeskonservatoren sitt arkiv, Bergen.

Fortidsminneforeninga - **registrering av bygningar** m.a. oppmålingsteikningar og foto. Riksantikvaren sitt arkiv, Oslo.

#### Bunads- og folkedraktrådet - **registrering av lokal drakttradisjon**

Registreringa vart gjennomført i samarbeid med Fusa husflidslag i 1992-1995. Ikkje endeleg avslutta. Kopi av registreringane finst i Lokalhistorisk arkiv, Fusa.

#### Historisk museum - **registrering av rosemåling i Midthordland**

Påbyrja i 1963 med Henrik Lien som registrator for Historisk museum, vidareført i samband med bygdesogearbeidet i Os 1977-1979. Skriftleg og fotografisk materiale. Arkiv ved Historisk museum og Lokalhistorisk arkiv, Os.

Direktoratet for naturforvaltning - **nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap**. Registrering gjennomført i åra 1992-1994 i regi av Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen. Botanisk rapport over registrerte landskap i Hordaland og nasjonal sluttrapport (sjå litt. liste).

Handverksregisteret - **registrering av tradisjonelle handverk og husflidsaktivitetar**. Sidan 1987 har De Sandvigske Samlinger på Maihaugen hatt i oppgåve å registrera og dokumentera tradisjonelle handverk og husflidsaktivitetar. Registeret har kontoradresse også i Bergen, ved Hordaland fylkeskommune. Registeret sitt føremål er å styrkja og å vidareføra tradisjonelle handverk.

Arne Bjørndals Samling - **dokumentasjon av lokal folkemusikk**. Arne Bjørndals Samling er knytt til Universitetet i Bergen, Institutt for kulturstudier og kunsthistorie. Arne Bjørndal sjølv og seinare sekretariatet for samlinga har gjort innsamling og dokumentasjon av folkemusikktradisjonen i Fusa.

Nordisk institutt (UiB) - **stadnamnsregistreringar**. Nordisk institutt i samarbeid med Fusa kulturkontor har gjennomført stadnamnsregistreringar i heile Fusa. Originalmaterialet er ved UiB og kopiar er oversendt Fusa kommune.

## Vedlegg 2

# TILSKOTSORDNINGAR TIL KULTURVERN

## KOMMUNALE TILSKOTS- FINANSIERINGSORDNINGAR

Fusa kommune har ulike tilskotsordningar som kan nyttast alt etter kva tiltak det er tale om. Over driftsbudsjettet har ein postar for m.a. Tilskot til kulturvern, Tilskot til friluftsføremål, Miljøtiltak. Desse tilskotsordningane vert vanlegvis lyste ut med søknadsfrist kring 1. mars kvart år. Over kapitalbudsjettet (investeringsbudsjettet) er det i 1997 sett av kr 100.000,- til miljøtiltak, 100.000,- til Fusa gamle prestegard og 100.000,- til arbeid med bygdebok. Kapitalbudsjettet kan berre nyttast til tiltak der kommunen er inne som eigar/medeigar og ikkje til tilskot til private. Adresse: Fusa kommune, kulturkontoret, 5640 Eikelandsosen.

## FYLKESKOMMUNALE TILSKOTSORDNINGAR

Hordaland fylkeskommune yter tilskot til vern av faste kulturminne. I 1997 står kr 340.000,- til fordeling. Riksantikvaren yter i 1997 1,2 millionar kroner til freda bygg og anlegg i Hordaland, som fylkeskommunen fordeler etter søknad. Adresse: Hordaland fylkeskommune, Kulturseksjonen Lars Hillesgt. 22, 5020 Bergen

## STATLEGE TILSKOTS- OG FINANSIERINGSORDNINGAR

### Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat under Miljøverndepartementet. Fordeling av tilskotsmidlar er stor grad delegert til fylkeskommunen, med unntak av fartøyvern, kulturlandskap, bygningar frå middelalderen og tekniske og industrielle kulturminne. Alle søknader om tilskot skal likevel sendast gjennom kulturseksjonen i fylkeskommunen. Adresse: Riksantikvaren, Dronningens gt. 13, P.b. 8196 Dep., 0034 Oslo, tlf 22940400.

### Direktoratet for naturforvaltning

DN disponerer tilskotsmidlar for tiltak som vidarefører biologisk mangfald i kulturlandskapet. DN har også eit tiltak «aksjon vannmiljø» som m.a. går på å restaurera natur- og kulturminne ved vassdrag. Adresse: Fylkesmannen, miljøvernavdelinga, P.b. 106, 5001 Bergen, tlf 55237000.

### Norsk kulturråd/Norsk kulturfond

Norsk kulturråd løyver pengar til kulturvern, men ikkje til bygningsvern og fartøyvern. Forsøksprosjekt og større eingongstiltak med overføringsverdi har prioritet. Adresse: Norsk kulturråd, Grev Wedels plass 1, 0151 Oslo, tlf 22423919.

### Landbruksdepartementet/ Landbruket sitt utbyggingsfond

Landbruksdepartementet gjev «tilskot til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar». Søknad vert sendt gjennom det kommunale landbrukskontoret. Fylkesmannen si landbruksavdeling avgjerd søknadene. Adresse: Fusa kommune, landbrukskontoret, 5640 Eikelandsosen, tlf 56580100.

#### Husbanken

Det er høve til å søkja om lån på antikvarisk eller kulturhistorisk grunnlag til restaurering av verneverdige bustadhus. Eit slikt utbetningslån kan dekkja inntil 95 % av kostnaden. Adresse: Husbanken Bergen, Østre Muralmenning 7, p.b. 1998 Nordnes, 5024 Bergen, tlf 55234200.

#### Arbeidsmarknadsetaten

Arbeidsmarknadsetaten har formidla arbeidskraft til mange restaureringsprosjekt opp gjennom åra. Med kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgjevar har ein sysselsett arbeidsledige innanfor ulike ordningar: prakisplassar, lønstilskotsordningar, langtidsledige (Kaja) og eigne avtalar for arbeidsleiarar. Ordningane kan vera fullfinansierte frå staten si side eller innebera medfinansiering frå arbeidsgjevar.

### PRIVATE TILSKOTSORDNINGAR

#### Norsk Kulturarv/Norsk Kulturarvs Fond

Stiftinga Norsk Kulturarv er ei ideell stifting som har i oppgåve å mobilisera faglege og økonomiske ressursar til norske kulturminne og landskap. Fusa kommune teikna medlemskap i 1995 ved å betala inn kr 50.000 til fondskapital. Målet er å få eit fond på 100 mill. kr. Adresse: Norsk kulturarv, 2680 Vågåmo, tlf 61232033

#### Kavli's Almennyttige Fond

Privat fond som gjev tilskot til m.a. kulturvern. Har tidlegare løyvd tilskot til oselvarfilm og Museet Lysøen. Adresse: Kavli's Almennyttige Fond, Olav Kyrres gt. 1, 5014 Bergen, tlf 55319620.

#### Andre private tilskotsordningar

Det er mogeleg å få tilskot frå næringsliv og organisasjonar til kulturvern. Gode føremål har også sjansen til å få gode vilkår i form av rabattar, gunstige renter eller gratis «naturalia»/varer. Lokale organisasjonar kan vera medspelarar, t.d. har både Fusa kulturminnelag og Stiftinga Vinnesholmen høve til å gje tilskot til kulturvern.

### Vedlegg 3

## TILSKOT TIL KULTURVERN FRÅ FUSA KOMMUNE

År	Tiltak	Stad/gnr/bnr	Søkjjar	Budsjettpost	Sum
1975-1989	Tilskot til oppføring av eldfast bygg	Hordamuseet	Hordaland fylkeskommune	1.560.343	108800
1981	Engevik Hamn			1.560.342	20000
1984 - 1989	Restaurering av jakta «Mathilde»	Norheimsund	Stiftinga Hardangerjakt		6000
1984	Engevik Hamn			1.560.341	25000
1985	Vøla av hus	Vinnesholmen			5000
1985	Holdhus kyrkje	Holdhus			10000
1986	Restaurering av tun	Øpstad, 32/1	Samson L. Øpstad	1.560.342	10600
1986	Vøla av eldre våningshus	Djupvik 79/1	Magne Gjuvsland	1.560.342	3000
1986	Registrering av fornfunn	Vinnes	Vinnes skule		3000
1986	Flytting og oppføring av Holsundhuset	Hordamuseet	Hordamuseet	1.560.343	20000
1987	Flytting av hus	Hålandsdalen fjellstue	Støttelaget for Hålandsdalen fjellstue		13500
1989	Vøla av tun	Vinnesholmen	Vinnes båtlag	1.560.342	2000
1989	Vøla av stovehus	Bergegrend	Nils Kvåle	1.560.342	10000
1990	Vøla av tun	Vinnesholmen	Bygdeutval/båtlag	1.560.341	5000
1990	Vøla av tun	Vinnesholmen	Stiftinga Vinnesholmen	1.540.341 1.869.343	60000
1991	Informasjon, gravminne, parkering	Holdhus kyrkje			10000
1991	Vøla av gml kai	Vinnes	Hans M. Vindenes	1520.342	15000
1991	Vøla av tun	Engevik	Lars J. Ditmarsen	1520.342	10000
1992	Informasjon og tilrettelegging	Holdhus kyrkje	Fortidsminneforeningen	1.551.341	10000
1992	Vøla av dampskipskai	Sævareid sentrum	Sævareid bygdeutval	1.551.343 1.869.343	33000
1992	Registerering og rekonstr. drakt		Fusa husflidslag	1.551.341	10000
1992	Vøla av våningshus	Austestad	Olav Austestad	1.520.343	7000
1992	Vøla av gml post og telegrafhus	Strandvik	Øyvind Kvåle		12000
1992	Registrering av gjenstander/ mitbeh.	Djupvik	Magne Gjuvsland/ Ragnhild Bjørke	1520.341	7000
1992	Vøla av naust/ driftsutg. sysselsetj.	Engevik	Lars J. Ditmarsen	1520.341	15000
1992	Vøla av utløe	Eide	Aage Eide	1520.341	5000
1992	Vøla av tun	Hammersland		1.520.343	26200

1993	Vøla av tun	Engevik	Lars J. Ditmarsen	1.520.343	5000
1993	Driftsutgifter sysselsetting	Engevik gaard			35000
1993	Vøla av våningshus	Sævareid 93/1	Hartvig Haugen	1.520.341	10000
1993	Utstilling av helleristningar	Gjøvik	GjøvikOlympiske Fjellhall		25000
1993	Flytting og vøla av drengestova	Bolstad/ Holdhus	Hålandsdalen leirskole	1.520.341	10000
1993	Vøla av gml kai	Sævareid sentrum	Sævareid bygdeutval	1.541.341	34000
1994	Vøla av naust	Vinnes	Siv G. Holven	1.520.341	18300
1994	Vøla av våningshus	Vinnesholmen	Stiftinga Vinnesholmen	1.520.341	20000
1994	Driftsutgifter sysselsettingstiltak	Engevik gard		1.520.341	20000
1994	Tilskot til brannsikring	Holdhus kyrkje	Fortidsminne- foreningen	1.520.341	10000
1994	Minneplater flyslepp	Botnavatnet	Erling Solvang		3000
1995	Vøla av løetak	Vinnesholmen	Stiftinga Vinnesholmen	1.520.341	5000
1995	Rest. av gravminne	Holdhus kyrkje		1.520.341	10000
1996	Vøla av nothengje	Skår	Sigmund Skår	1.551.341	6000
1996	Vøla av tak	Hammersland	Nils Hammersland	1.520.341	10000
1996	Planarbeid	Sandal	Turid Glesnes	1.520.341	5000
1996	Vøla av nausttak	Vinnes 78/1	Siv G. Holven	1.520.341	6000
1996	Vøla av våningshus	Engevik Hamn	Freddy Hjertholm	1.551.341	15000
1996	Flytting og vøla av stabbur	Holdhus	Hålandsdalen fjellstue	1.520.341	9000
	<b>TOTALT 1974-1996</b>				<b>718400</b>

## Vedlegg 4

### TILSKOT TIL «SPESIELLE TILTAK I LANDBRUKETS KULTURLANDSKAP» - LANDBRUKSDEPARTEMENTET

ÅR	TILTAK	SØKJAR	KOMMENTAR	SUM
1991	Kulturminnesti - Vinnes	Fusa kulturminnelag		18800
1992	Ferdsel - Engevik	Lars J. Ditmarsen	ikkje utbetalt	7000
1992	Ferdsel - postvegen	Samson L. Øpstad		30000
1993	Ferdsel - Engevik	L.J. Ditmarsen		7000
1993	Ferdsel - Samnøy	Jostein Samnøy		21000
1994	Kulturmark - Kikedalen	Grunneigarane		50000
1996	Ferdsel - Hålandsdalen	Jan Terje Berlandstveit		13930
<b>Totalt</b>				147730

\* Sjølv om tilskotet er løyvd er det ikkje alltid utbetalt.

### TILSKOT TIL VERNEVERDIGE/FREDA BYGNINGAR I LANDBRUKET - LANDBRUKSDEPARTEMENTET

ÅR	TILTAK	SØKJAR	SUM
1991	Restaurering av røykstove - Eide	Knut Henrik Eide	
1992	Restaurering av bygningar - Engevik gard	Lars J. Ditmarsen	
1993	Restaurering av røykstove, uthus - Djupvik	Magne Gjuvsland	
1993	Restaurering av bygningar - Engevik gard	Lars J. Ditmarsen	
1993	Restaurering av røykstovevedhus, do, stabbur og ospestove - Tombra	Håkon Tombre	
1994	Restaurering av løe - Solvang Baldersheim	Einar Solvang	
1994	Restaurering av stabbur - Holmefjord	Atle Holmefjord	
1994	Restaurering av stabbur, vedhus - Skjelbreid	Knut Skjelbreid	
Totalt			



## Vedlegg 5

### **ORGANISATORISKE VERKEMIDDEL I KULTURVERNARBEIDET**

Fusa kommune kan samarbeida med ei rekkje ulike lag og organisasjonar i vernearbeidet. Alle kan gjera ein innsats på dette området frå idrettslag til sanitetslag, grunneigarlag til pensjonistlag. Kulturvern vedkjem oss alle. Her er det fritt fram for fantasi og tiltakslust.

**Halvoffentlege institusjonar** utan lovpålagde kulturvernoppgåver, som Fusa kommune kan samarbeida med:

Hordamuseet

Stiftinga Hardangerjakt

Husfliden, Distriktskonsulenten for husflid

Norsk kulturarv

Bjørnefjorden reiselivslag

Bjørnefjorden næringsutvikling

**Offentlege institusjonar** med lovpålagde kulturvernoppgåver, som Fusa kommune kan samarbeida med:

Fylkeskonservatoren i Hordaland

Historisk museum, Universitetet i Bergen

Sjøfartsmuseet i Bergen

Fylkesmannen, miljøvernavdelinga

**Offentlege institusjonar** utan lovpålagde kulturvernoppgåver som Fusa kommune kan samarbeida med:

Fylkesmannen, landbruksavdelinga

**Offentlege tiltak** utan lovpålagde kulturvernoppgåver, som

Fusa kommune kan samarbeida med:

Handverksregisteret, Maihaugen.

Kulturlandskapssenteret i Hordaland